

Ål kommune
MØTEINNKALLING
Kommunestyret

Møtestad: Kommunestyresalen
Møtedato: 20.12.2007
Tid: 17:00

Forfall må meldast snøggast mogeleg til møtesekretær på telefon 32 08 50 00
Varamedlemer møter etter nærmare avtale.

ÅL KOMMUNE SIN KULTURPRISEN FOR 2007 BLIR DELT UT FØR MIDDAG KL. 19.00

SAKLISTE

Saksnr.	Arkivsaksnr.	Tittel
79/07	07/1139	NY UTGREIING AV UTBYGGINGA I SUNDRE BARNEHAGE
80/07	06/1112	SØKNAD OM FORSKOTERING AV TIPPEMIDLAR - KUNSTGRASBANE BRÅTA IDRETTSANLEGG
81/07	07/1605	PRIORITERING AV SPELEMIDDELANLEGG 2008 -2011
82/07	07/1955	SAL AV TORPOMOEN
83/07	07/1789	OMGJERING AV LÅN TIL ANSVARLEG LÅN MELLOM ÅL KRAFTVERK OG ÅL KOMMUNE
84/07	04/924	STIMULERINGSMIDLER TIL VIDAREFØRING AV SLT
85/07	07/1709	VAL AV FORLIKSRÅDSMEDLEMMER FOR PERIODEN 1.5.2008 - 31.12 2012
86/07	07/1708	VAL AV SKJØNNSMENN FOR PERIODEN 1.5. 2008 - 31.12.2012
87/07	07/1958	SUPPLERINGSVAL TIL STYRER NEMNDER OG RÅD FOR PERIODEN 2007 - 2011

- 88/07 07/1091
ØKONOMIREGLEMENT**
- 89/07 07/1751
ORDFØRARGODTGJERSLE - ENDRING**
- 90/07 07/1726
BETALINGSSATSAR 2008 UTVIKLINGSVDELINGA**
- 91/07 07/1727
BETALINGSSATSAR FOR ABONNEMENTSORDNING 2008**
- 92/07 07/1741
GEBYR FOR KLOAKK 2008**
- 93/07 07/1742
GEBYR FOR VATN 2008**
- 94/07 07/1743
GEBYR FOR RENOVASJON 2008**
- 95/07 07/1758
GEBYR FOR FEING OG TILSYN 2008.**
- 96/07 07/1759
HUSLEIGE KOMMUNALE BUSTADER 2008**
- 97/07 07/1762
GEBYR FOR SLAMTØMING 2008**
- 98/07 07/1915
BUDSJETTENDRINGAR 2007**
- 99/07 07/1782
BUDSJETT ÅL KRAFTVERK KF 2008**
- 100/07 07/1586
ØKONOMIPLAN 2008-2011 MED ÅRSBUDSJETT 2008**
- 101/07 07/1926
MELDINGAR OG ORIENTERINGSSAKER TIL KOMMUNESTYRET 20.12.07**

Stad: Ål kommune 13.12.2007

Torleif T. Dalseide
ordfører (sign.)

Ål kommune

Saksutgreiing

Saksnr.: 79/07
 Arkivsaksnr: 07/1139
 Arkivkode: 614 A10

Sakshandsamar: Odd Lossius

Saksnummer	Utval	Møtedato
19/07	Sektorutval for oppvekst	09.08.2007
90/07	Formannskapet	13.08.2007
23/07	Sektorutval for oppvekst	30.10.2007
116/07	Formannskapet	26.11.2007
79/07	Kommunestyret	20.12.2007

NY UTGREIING AV UTBYGGINGA I SUNDRE BARNEHAGE

Saka vert avgjort av:
 Kommunestyret

Vedlegg:

Følgjande dokument er sendt ut til medlemmane i Sektorutval for oppvekst (SUO) og Formannskapet:

- Teikningar med kostnadsoverslag frå arkitekt Roar Jørgensen
- Ideskisse frå Moelven og kostnadsoverslag på grunnarbeid frå Asplan Viak

Dokument i saka:

- Sak 36/06 Behov for fleire barnehageplassar frå august 2007
- Sak 19/07 i Sektorutval for oppvekst og sak 90/07 i Formannskapet – Utbygging av Sundre barnehage
- Rundskriv F-04/07 – Investeringstilskudd til nye barnehageplasser

Saksopplysningar:

Administrasjonen har fått i oppdrag frå Formannskapet og greie ut to alternativ til utbygging i Sundre barnehage. Det er vedteke at Sundre barnehage skal utvidast med to avdelingar, men det er ikkje bestemt på kva måte denne utbygginga skal løysast på. Sektorutval for oppvekst (SUO) og Formannskapet handsama saka i august, men Formannskapet sendt saka attende til administrasjonen for ytterlegare utgreiing, slik at Kommunestyret skulle kunne fatte vedtak på eit breiast mogleg grunnlag.

Bakgrunn for saka er at etter fleire år med for få barnehageplassar i Ål kommune til å oppfylle kravet i lov om barnehagar om full barnehagedekning, gjorde Kommunestyret i sak 36/06 vedtak om utbygging:

1. Ål kommunestyre vedtek å byggje to nye avdelingar i tilknytting til noverande Sundre barnehage.

2. *Det skal vurderast utbygging anten i eitt nybygg eller påbygg av dei to husa som utgjer barnehagen i dag.*
3. *Endeleg kostnadsrekna prosjekt skal godkjennast av kommunestyret.*
4. *Finansiering skal skje gjennom utbyggingsfondet og statlege investerings- og skjønnsmidlar.*
5. *Den nye barnehagen bør ferdigstillast til barnehageåret 2007/2008.*

Det vart nedsett ein byggekomite og denne har bestått av Kjell Kløve (leiar), Tone Lyngvi, Kenneth Nordahl-Pedersen og Grete Svarteberg Lundekvam. For å avgrense kostnadane til prosjektering, bad byggekomiteen om ei avgjerd i SUO i høve utbygging av eitt nytt hus eller utbygging av dei to husa som eksisterer i dag. Styrrar Tone Lyngvi i Sundre barnehage orienterte SUO i møte 21.01.07, og fylgjande vedtak vart protokollført i sak 21/06:

SUO bed administrasjonen arbeida vidare med alternativet om at auken av barnehagekapasiteten i kommunen vert løyst ved påbygg av dei to husa som alt er der. Alternativet med å byggje eit 3. bygg vert difor ikkje med i dei vidare utgreiingane om saka.

Det var arkitekt Roar Jørgensen AS som fekk arbeidet med å prosjektere utbygginga og det vart i sak 19/07 lagt fram teikningar og kostnadsoverslag på utbygging av to nye avdelingar, lagt til dei to eksisterande husa (Låven og Hallingstugu). I tillegg til dei to nye avdelingane, var det i dette forslaget også teke med ny personal- og administrasjonsdel for seks avdelingar og det var lagt til rette for møterom, rom for spesialpedagogisk hjelp og lagerrom for barn med nedsett funksjonsevne. Dette har tidlegare vore stor mangelvare i Sundre barnehage og var ein av grunnane til at utviding av Sundre barnehage vart valt når to nye avdelingar skulle byggjast. Utbygginga av dei to nye avdelingane, lagt til eksisterande hus, vart av Roar Jørgensen As kostnadsrekna til 22,2 mill. kroner.

Etter vedtaket i Kommunestyret i sak 36/06 skulle utbygginga finansierast av utbyggingsfondet og statlege investerings- og skjønnsmidlar. Etter Rundskriv F-04/07 – Investeringstilskot til nye barnehageplassar, oppfyller kommunen kravet til å søkje om investeringstilskot og kunne i utgangspunktet søkje om ca 1 mill. kroner. Men fordi meirverdiavgifta på prosjektet vil kome til å bli høgare enn investeringstilskotet, er regelverket slik at det ikkje vil bli utbetalt investeringstilskot likevel. Skjønnsmidlar kan ikkje nyttast til investering, men kan nyttast til nedbetaling av lån og avdrag dersom kommunen tek opp lån for å finansiere utbygginga.

I økonomiplanen for 2007 og 2008 var det sett av til saman 8 mill. kroner til utbygginga. Summen var basert på utbygginga i Skattebøl barnehage i 2005. Fordi utbygginga vart nesten to gonger så dyr som forventa, og det mangla 14,2 mill kroner, vart det i den same saka lagt fram fire alternative løysingar. Formannskapet gjorde i sak 90/07 vedtak om å sende saka attende til administrasjonen for å greie ut to alternativ, slik at kommunestyret kunne få eit fullstendig grunnlag når saka skulle endeleg avgjerast.

Dei to alternativa som administrasjonen skulle greie ut, var:

1. Utbygging på dei to eksisterande husa, jmf teikningar og kostnadsoverslag frå Roar Jørgensen As, men dele utbygginga i to byggsteg (alt. 2 i saksutgreiinga i sak 90/07)
2. Utbygging som eit tredje hus, jmf skisse av modulbygg (alt. 3 i saksutgreiinga i sak 90/07).

Forhold til overordna plan:

- Lov om barnehagar, av 17. juni 2005, § 8: ”Kommunen har plikt til å sørge for at det finnes et tilstrekkelig antall barnehageplasser for barn under opplæringspliktig alder”.
- Lov om arbeidsmiljø, arbeidstid og stillingsvern mv., av 17. juni 2005.

Helse-/miljø og beredskapsomsyn:

Ingen kjente ut over betra arbeids- og barnehagemiljø ved utbygginga.

Økonomiske konsekvensar:

Sjå vurdering

Vurdering:

Utbygging på dei to eksisterande husa, men dele utbygginga i to byggesteg

Denne utbygginga tek utgangspunkt i teikningar og kostnadsoverslag frå Roar Jørgensen As. I utgangspunktet er det i dette forslaget lagt til rette for tre avdelingar på kvart hus (Hallingstugu og Låven), slik at begge hus kan ta imot barn i alderen 0-6 år. Det vert bygd ny administrasjons- og personaldel for begge hus, og denne vert flytta over og lagt til Hallingstugu.

Det manglar 14,25 mill. kroner for å realisere dette prosjekt, og det vart difor lagt fram eit forslag om å dele utbygginga i to byggjesteg. Dersom dette alternativet vert valt, er det Hallingstugu som vert bygd ut i fyrste byggetrinn, sidan administrasjonsdelen (kontor til styrar og avdelingsleiarane) og personaldelen (dame- og herregarderobe med toalett og personalrom) er lagt til dette bygget. Barnehagen oppfyller i dag ikkje krav til personalgarderobar og dette er noko som det må gjerast noko med. På Låven vil det noverande kontoret til styrar og personalrommet kunne brukast som møterom/grupperom og arbeidsrom, evt. lagerplass. Dette er endringar som vil betre arbeidstilhøva også på dette huset, utan at det treng å koste noko anna enn inventar. Pga fleire tilsette og barn, vil det vere nødvendig å gjere det som er planlagt av opparbeiding av parkeringsplassar og utviding av uteområde, samt bygge vognskur. Total kostnad for dette utbyggingstrinnet vil vere omlag 14 mill. kroner. Sidan det allereie ligg inne 8 mill. kroner i økonomiplanen, vil behovet for tilleggslyøving kunne reduserast til om lag 6 mill kroner for å realisere fyrste byggetrinn. Neste byggetrinn, utbygging av Låven, vil med dagens berekningar koste 8,2 mill. kroner.

Modulbygg, utbygging lagt til eit tredje hus

Det er fleire leverandørar som leverer barnehagebygg i modular. Sidan det ikkje er mogleg å tilpasse eit slikt bygg inntil dei to husa som er i Sundre barnehage i dag, vil dette bli eit tredje bygg. Ein toavdelings barnehage, med administrasjonsdel, er frå ein leverandør oppgitt å koste om lag 6,5 mill kroner for sjølve bygget, inkl. VVS, elektro, innreiing som kjøkken, garderobar m.v., men ekskl. fundamentering/grunnarbeid, tilkomst, parkering og opparbeiding av uteareal. Asplan Viak har fått i oppdrag å sjå på om det i det heile let seg gjere å plassere eit bygg på tomta vest for barnehagen og kor mykje grunnarbeidet vil koste. Vedlagte skisse frå Asplan Viak viser at arealet er stort nok og at bygget let seg plassere på området vest for eksisterande hus. Kommunen eig aktuell tomt, men bygget vil, etter forslaget frå Asplan Viak, bli plassert heilt inntil bolighusa som ligg på ovasida av Prestegardsjordet. Dette vil kreve at ein sender ut nabovarsel og at det ikkje kjem klager som gjer at det vert vanskeleg å ta dette området i bruk som barnehage. Kostnadsberekninga viser at grunnmur og opparbeiding av veg og parkeringsplassar vil koste 4,7 mill. kroner. Til saman vil oppføring av eit modulbygg kome på 11,2 mill. kroner.

Dersom denne løysinga vert valt, må noverande bygg i Sundre barnehage rustast opp / påbyggast ein personalfløy i tillegg. Rådmannen har tidlegare oppmoda om at det samtidig vert sett av midlar til å gjere det som er nødvendig for å ruste opp dei to eksisterande husa slik at dei m.a. oppfyller kravet til personalgarderobar. I vedlagte forslag er det teikna inn ein administrasjons- og personaldel som er tilpassa to avdelingar. Denne vil vere for liten for seks avdelingar. Administrasjonen meiner imidlertid at ein seksavdelings barnehage bør ha ein samla personal- og administrasjonsdel for alle avdelingane. Dette kan løysast ved eit påbygg ved eit av dei eksisterande husa, jmf. alternativet frå Roar Jørgensen

As, og vil inkludere den nødvendige opprustinga. Kostnadsnivå vil avhenge av val av løysing, men det bør leggjast til grunn ein total kostnadsramme på til saman 15 mill. kroner, inkludert modulbygget.

Konsekvensar

I tillegg til å greie ut om det let seg gjere å plassere eit tredje bygg vest for barnehagen og kva grunnarbeidet ville koste, fekk administrasjonen i oppdrag å greie ut kva konsekvensar det eine eller det andre alternativet vil gje.

Midlertidig barnehageavdeling

Ved å dele utbygginga i to byggetrinn, vil det bli behov for å vidareføre bruken av Prestegardslåven, evt andre lokale, som midlertidig barnehageavdeling i ein periode til neste byggetrinn er ferdigstilt. Prestegardslåven er eit lokale som ikkje fungerer optimalt som barnehage, men for ein avgrensa periode vil ein kunne finne løysingar slik at lokalet kan nyttast.

Byggetid

Modulbygget vil truleg gje den raskaste byggjetida. Ein leverandør har sagt at om grunnarbeidet er klar, kan modulbygget leverast til våren/sommaren. Med dette tidsperspektivet kan dei to ny avdelingane allereie stå klar til å takast i bruk neste barnehageår. Dette vil frigjere Prestegardslåven på eit tidlegare tidspunkt og denne kan då nyttast til det som er tenkt – museum.

I samband med bygginga vil modulbygg-løysinga også vere det alternativet som vil gje minst ulemper for den daglege drifta, sidan det ikkje i same grad vil bli bygging i barnehagelokale som samtidig er i drift. Med denne løysinga vil ein sleppe å finne alternative opphaldsstader i byggeperioden.

Økonomi

Modulbygg vil kunne gjennomførast innanfor ein ramme på 11,2 mill. kroner. Inkludert ny personal- og administrasjonsdel vil kostnadane bli 15 mill. kroner. Kommunen vil med dette kunne frigjere 7,2 mill. kroner til andre formål.

Drift av barnehagen

Ved å bygge på eksisterande hus, meiner administrasjonen at ein vil spare pengar på drift i høve eit tredje bygg. Det vil vere billigare og arbeidsbesparande å vedlikehalde to mot tre hus, det vi vere økonomisk gunstig å berre skulle kjøpe inn utstyr (ventilasjonsanlegg, brannanlegg, kjøkkeninnreiing, vaskemaskinar, tørketromlar, telefonar, datautstyr m.m.) til to hus mot til tre hus dersom modulbygget vert valt. I tillegg vil det vere mindre arbeid og mindre kostnadskrevjande i høve brøyting, strøying og vaktmeistertjenester.

Den fysiske utforminga med tre avdelingar pr. hus vil gjere det enklare å få meir ut av personalressursen enn tilfellet er i dag fordi den kan brukast meir fleksibelt. Av erfaring veit ein at barnetalet kan svinge litt frå år til år og med dette alternativet vil det vere enklare å tilpasse drifta etter svingingane utan at det vil bli fordyrande i høve drift.

Areal

Vedlagte forslag på modulbygget er arealmessig på eit minimumsnivå. Det vil då ikkje vere mogleg å ha utvida barnehagegrupper, noko som vert gjort på andre barnehagar slik at plassane kan utnyttast på ein betre måte. Sidan ingen barnekull er like store, vil det enkelte år vere ein stor fordel å kunne utvide kapasiteten for å unngå venteliste. Ved å velje forslaget der det blir utbygd på eit eksisterande hus, er det teke høgde for dette.

Pedagogikk

Administrasjonen meiner alternativet med å bygge på eksisterande hus er det beste alternativet i høve det pedagogiske arbeidet. Med denne utbygginga vil Sundre barnehage bli ein moderne barnehage der det er teke omsyn til arbeidsmetodar og organisering etter den nye barnehagelova og den nye rammeplanen, samt personalet sitt arbeidsmiljø. Det er lagt opp til fleksibilitet ved at arealet kan gjerast om til fellesareal, slik at det også kan brukast for større grupper av barn, samt til personalmøte og foreldremøte. Dette vil ikkje vere mogleg dersom modulbygget vert valt.

Ein skal også ha eit barneperspektiv når ein planlegg ein ny barnehage. Ved å få tre basar på kvart hus, vil barnehagen legg opp drifta slik at ikkje barna trengje å bytte hus etter kvart som dei vert større. Sysken vil få plass på same hus og det vert enklare for foreldra i høve hente- /bringesituasjon. Med tre barnegrupper på kvart hus kan ein lage basar der utstyr og aktivitetar er tilpassa dei minste, dei eldste og aldersspekteret i midten. Barna vil likevel møtast i fellesromma delar av dagen. Dei yngste kan sjå på dei større og få lyst til å strekkje seg. Dei eldste kan få vise omsorg for dei små. Det blir lettare for alle å finne leikekameratar på sitt nivå.

Personalet

I vedlagte skisse over modulbygget, er det to avdelingar og ein administrasjons- og personaldel. Administrasjons- og personaldelen er ikkje stor nok for seksavdelings barnehage. Konsekvensen vil med dette alternativet bli at Sundre barnehage vert ein seksavdelings barnehage med administrasjons- og personaldel fordelt på to eller tre hus. Administrasjonen meiner dette er ugunstig med tanke på at barnehagen skal drivast som ein seksavdelings barnehage med ei leiing. Sundre barnehagen har lang erfaring med å drive i to ulike hus. Det er nødvendig med samarbeid mellom husa for at barn og personale skal bli trygge på kvarandre, utvikle fellesskap og oppnå eit godt læringsmiljø. Det er arbeids- og tidkrevjande og vil krevje endå meir dersom det vert tre hus.

Uteområdet

Sundre barnehage ligg i sentrum og har ikkje lett tilgang til store naturområde. Barnehagen har i mange år kompensert for dette ved å nytte nærmiljøområdet der modulbygget no vert plassert. Området har bl.a vorte nytta til hyttebygging, leirplass og potetåker. Eit modulbygg her vil forringe dette vesle, men verdifulle tilleggsområdet.

Konklusjon

Kommunestyret må ta stilling til kva løysing som skal velgjast når to nye avdelingar skal byggjast i Sundre barnehage:

- Utbygging på eksisterande hus, men i to byggjesteg. Fyrste byggjesteg er kostnadsrekna til 14 mill. kroner. Administrasjonen føreset at andre byggjesteg vil bli lagt inn i vidare utbyggingsplanar i kommunen og er pr. d.d. kostnadsrekna til 8, 2 mill. kroner.
- Utbygging av modulbygg, lagt til eit tredje hus. Administrasjonen meiner, med bakgrunn i ovanståane, at det i tillegg er nødvendig å bygge på felles administrasjons- og personaldel for alle seks avdelingane. Kostnadsnivået vil vere avhengig av val av løysing, men det bør leggjast til grunn ein total kostnadsramme på tilsaman 15 mill. kroner.

Vassboren varme er ikkje kostnadsrekna sidan det er avhengig av val av løysing. Dette vil kunne leggjast fram som eiga sak på eit seinare tidspunkt.

Inventar er ikkje teke med i berekningane og er rekna til 350 000 kroner.

Rådmannen si innstilling:

Kommunestyret vedtek utbygging med 2 nye avdelingar ved Sundre barnehage bygd som modulbygg innafør ei kostnadsramme på 11,5 mill kroner, og med den målsetting at barnehagen kan stå ferdig til barnehageopptaket hausten 2008.

Kommunestyret ber formannskapet legge inn i økonomiplanen 2008 / 2009 midlar til korrigeringar som krevs i noverande bygg ved Sundre barnehage innafør ei ramme på 2 mill kr.

Oppvekstsektoren, 18.10.2007

Trond Kleppen
Rådmann

Odd Lossius
Sektorleiar

Sektorutval for oppvekst handsama saka den 30.10.2007, saksnr. 23/07

Handsaming:

Framlegg frå Per Ove Nybråten:

1. Kommunestyret vedtek utbygging med 2 nye avdelingar i Sundre barnehage ved å bygge på ein ny avdeling på kvart av dei 2 eksisterande bygga (Hallingstugu og Låven).
2. Utbygginga blir delt i to byggjesteg, der Hallingstugu med administrasjons- og personaldel er fyrste byggjesteg. Oppstart i 2008. Kostnadsramme 1. byggjesteg er 14 mill. (8 mill. + 6 mill)
3. 2. byggjesteg, ei avdeling Låven blir lagt inn i økonomiplanen frå 2009 (8,2 mill.)
4. Mellombels avdeling i Prestegardslåven blir vidareført til begge avdelingane er fullført.

Framlegg frå Dagfinn Bøygard:

Kommunestyret vedtek utbygging med 2 nye avdelingar ved Sundre barnehage bygd som modulbygg innafør ei kostnadsramme på 11,5 mill kroner, og med den målsetting at barnehagen kan stå ferdig til barnehageopptaket hausten 2008.

Kommunestyret ber formannskapet legge inn i økonomiplanen 2008 / 2009 midlar til felles personaldel og adm. Del ved Sundre barnehage innanfor ei ramme på 3,5 mill.

Ingen røysta for rådmannen sitt framlegg.

Per Ove Nybråten sitt framlegg fekk 4 røyster (H, Sv, Frp og V)

Dagfinn Bøygard sitt framlegg: fekk 2 røyster (AP, Sp)

Sektorutval for oppvekst si innstilling:

1. Kommunestyret vedtek utbygging med 2 nye avdelingar i Sundre barnehage ved å bygge på ein ny avdeling på kvart av dei 2 eksisterande bygga (Hallingstugu og Låven).
2. Utbygginga blir delt i to byggjesteg, der Hallingstugu med administrasjons- og personaldel er fyrste byggjesteg. Oppstart i 2008. Kostnadsramme 1. byggjesteg er 14 mill. (8 mill. + 6 mill)
3. 2. byggjesteg, ei avdeling Låven blir lagt inn i økonomiplanen frå 2009 (8,2 mill.)
4. Mellombels avdeling i Prestegardslåven blir vidareført til begge avdelingane er fullført.

Formannskapet handsama saka den 26.11.2007, saksnr. 116/07

Handsaming:

Følgjande omforeint forslag vart samrøystes tilrådd:

Kommunestyret vedtek utbygging med 2 nye avdelingar og utvida personaldel / administrativ del ved Sundre barnehage bygd som modulbygg innafor ei kostnadsramme på 14 mill kroner, og med den målsetting at barnehagen kan stå ferdig i løpet av 2008. Rådmannen blir beden om å forhandle med Kyrkja om mogleg tilleggsareal / makebytte av grunn for om mogleg å få til eit tredje bygg i ei tunløysing. Vassboren varme skal vurderast og kostnadsreknast.

Formannskapet si innstilling:

Kommunestyret vedtek utbygging med 2 nye avdelingar og utvida personaldel / administrativ del ved Sundre barnehage bygd som modulbygg innafor ei kostnadsramme på 14 mill kroner, og med den målsetting at barnehagen kan stå ferdig i løpet av 2008. Rådmannen blir beden om å forhandle med Kyrkja om mogleg tilleggsareal / makebytte av grunn. Vassboren varme skal vurderast og kostnadsreknast.

Ål kommune

Saksutgreiing

Saksnr.: 80/07
Arkivsaksnr: 06/1112
Arkivkode: 253 C2

Sakshandsamar: Maria Høgetveit Berg

Saksnummer	Utval	Møtedato
102/06	Formannskapet	11.09.2006
51/06	Kommunestyret	21.09.2006
132/07	Formannskapet	03.12.2007
80/07	Kommunestyret	20.12.2007

SØKNAD OM AUKA FORSKOTERING AV TIPPEMIDLAR - KUNSTGRASBANE BRÅTA IDRETTSANLEGG

Saka vert avgjort av:
Kommunestyret

Vedlegg:

Søknad frå Ål IL, fotballgruppa om eit rentefritt lån på kr 71.000

Dokument i saka:

K.sak 51/06 – Forskottering av spelemidler til kunstgrasbanen på Bråta.

Saksopplysningar:

Ål IL, fotballgruppa søkjer om å få lånt heile spelemiddeltilskotet til kunstgrasbanen på Bråta. Etter at banen er ferdig, syner det seg at konstnaden blir kr 213.000 høgare enn den kalkyla som var lagt til grunn i 2005 ved første søknadsrunde. Tidlegare har fotballgruppa lånt 1.786.000 for å dekke det dei i 2005 rekna med ville vera 1/3 av totalkostnaden..

Forhold til overordna plan:

I samsvar med intensjonen i K.sak 51/06

Helse-/miljø og beredskapsomsyn:

Ingen

Økonomiske konsekvensar:

Kommunen yter eit rentefritt lån på kr 71.000 fram til 1. oktober 2010

Vurdering:

No er kunstgrasbanen bygd og fornya søknad om spelemidler er etter råd frå idrettskonsulenten i fylket, bygd på rekneskapital for anlegget. Dette vil truleg føre til at anlegget vil få heile tilskotssummen på ein gong. Om det blir i år eller seinare er enno uvisst. Søknaden står sterkt i køen

for løyving all den tid kommunen så velviljug har vore inn å hjelpt utbyggaren å få banen på plass. Det kom og tydeleg fram i administrasjoen si samtale med idrettskonsulenten. Administrasjonen rår til at lånet blir auka med dei 71.000 det er søkt om, og at desse pengane blir betalt ut så snar som råd.

Rådmannen si innstilling:

Ål kommune gjev Ål IL, fotballgruppa eit tilleggs lån til utbygginga av grasbanen på Bråta på kr 71.000.

Heile lånet på kr 1.857.000 skal innfriast innan 1. oktober 2010.

Lånet blir betalt ut frå utbyggingsfondet.

Kultursektoren, 27.11.2007

Trond Kleppen
rådmann

Maria Høgetveit Berg
kultursjef

Formannskapet handsama saka den 11.09.2006, saksnr. 102/06

Handsaming:

Ordførar foreslo å endre punkt 3 til:

3. Ål kommune vil vurdere i budsjettarbeidet å skuve fram løyvinga av det kommunale tilskotet på 786.000 kr for 2008 til 2007.

Rådmannen si innstilling med ordførar sitt endringsforslag vart samrøystes tilrådd.

Formannskapet si innstilling:

1. Ål kommune yter eit rentefritt lån på kr 1.786.000 i 4 år til Ål il, fotballgruppa i påvente av spelemidlar frå stat og fylke. Lånet blir gitt frå utbyggingsfondet, og betalt tilbake dit så snart "lånet" blir innfridd.

Dersom spelemidlane ikkje er komne innan 1. oktober 2010, tek Ål il fotballgruppa ansvar for alternativ finansiering slik at lånet på 1.786.000 kroner blir tilbakebetalt til fondet.

2. Ål kommune betalar samstundes ut 1 mill kroner som er kommunen sin budsjetterte del av tilskotet i 2006, så snart avtala er på plass og anleggsarbeidet er i gang.
3. Ål kommune vil vurdere i budsjettarbeidet å skuve fram den resterande løyvinga av det kommunale tilskotet på 786.000 kr for 2008 til 2007.

Kommunestyret handsama saka den 21.09.2006, saksnr. 51/06

Handsaming:

Helge Olav Uhlen (Ap) gjekk frå som inhabil. Han vart ikkje erstatta av vararepresentant. 23 representantar handsama saka.

Formannskapet si innstilling vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

1. Ål kommune yter eit rentefritt lån på kr 1.786.000 i 4 år til Ål il, fotballgruppa i påvente av spelemidlar frå stat og fylke. Lånet blir gitt frå utbyggingsfondet, og betalt tilbake dit så snart "lånet" blir innfridd.

Dersom spelemidlane ikkje er komne innan 1. oktober 2010, tek Ål il fotballgruppa ansvar for alternativ finansiering slik at lånet på 1.786.000 kroner blir tilbakebetalt til fondet.

2. Ål kommune betalar samstundes ut 1mill kroner som er kommunen sin budsjetterte del av tilskotet i 2006, så snart avtala er på plass og anleggsarbeidet er i gang.
3. Ål kommune vil vurdere i budsjettarbeidet å skuve fram den resterande løyvinga av det kommunale tilskotet på 786.000 kr for 2008 til 2007.

Formannskapet handsama saka den 03.12.2007, saksnr. 132/07

Handsaming:

Rådmannen si innstilling vart samrøystes tilrådd

Formannskapet si innstilling:

Ål kommune gjev Ål IL, fotballgruppa eit tillegglån til utbygginga av grasbanen på Bråta på kr 71.000.

Heile lånet på kr 1.857.000 skal innfriast innan 1. oktober 2010.

Lånet blir betalt ut frå utbyggingsfondet.

Ål kommune

Saksutgreiing

Saksnr.: 81/07
Arkivsaksnr: 07/1605
Arkivkode: 243 C2

Sakshandsamar: Maria Høgetveit Berg

Saksnummer	Utval	Møtedato
133/07	Formannskapet	03.12.2007
81/07	Kommunestyret	20.12.2007

PRIORITERING AV SPELEMIDDELANLEGG 2008 –2011 MED ØKONOMISKE KONSEKVENSA FOR ÅL KOMMUNE

Saka vert avgjort av:
Kommunestyre

Vedlegg:

- Søknad frå Ål IL, fotballgruppa om tilleggsløyving for spelemiddellegg
- Søknad frå Ål IL , fotballgruppa om kommunalt tilskot til sandbanar for volleyball, fotball, og handball.

Dokument i saka:

- Tematisk kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet for Ål kommune 2004 – 2014
- K.vedtak 87/05 – reovering av sømjobasseng

Saksopplysningar:

Søknader om tilskot frå spelemidlane som blir sendt frå Ål kommune:

- Ål IL, fotballgruppa – kunstgrasbane
- Ål IL, alpingruppa – lys til trening i Ål skisenter
- Ål kommune - symjebasseng
- Ål IL, fotballgruppa – sandbanar for volleyball, handball og fotball (nærmiljøanlegg)

Kulepkt 1 og nr 3 søkte og i fjor, men kom ikkje med, altså fekk ikkje konkret lovnad på tilskot frå spelemidlane , og må såleis søkje att i år. Det vart i 2007 tildelt vel 28 mill for anlegg i Buserkud. Fylket har eit etterslep på ca 73 mill, og nye anlegg må rekne med å vente i 3 til 4 år før dei får tilsagn om tilskot.

Kommunale tilskot:

Ål IL, fotballgruppa, søknad om kommunalt tilskot til 1/3 av meirkostnad for kunstgrasbanen, kr 71.000. Den stipulerte kostnaden for kunstgrasbanen var henta inn i 2005. Prisstiging og reelle kostnader synte seg å bli kr 213.000 meir enn berekna.

Ål IL, alpingruppa. I 2005 godkjende kommunestyret ein søknad frå alpingruppa om kommunalt tilskot på kr 245.000, utbetaling i 2007. Sjølve spelemiddelsøknaden til fylke vart ikkje utarbeidd før no. Det kommunale tilskotet står ved lag, men er ikkje betalt ut.

Ål IL, fotballgruppa søker om kommunalt tilskot til sandbane til volleyball, fotball og handball på Bråta, kr 249.000. Denne banen vart teknisk godkjend i samband med godkjenning for utbetring til kunstgrasbane, og er bygd, men har ikkje søkt om tilskot før no. Banen er gjennomført. Det ligg føre søknad om spelemidlar på kr 200.000 (maksimum).

Kunstgrasbanen til Ål IL blei gjennomført i sommar med hjelp av lån og forskottering frå kommunen. Rehabiliteringa av symjebassenget har kommunen gjennomført, førebels med eigne midlar. Desse anlegga er såleis ferdige.

Prioritert liste over spelemiddelanlegg frå Ål kommunen:

Ordinære anlegg:

1. Ål IL, fotballgruppa – kunstgrasbane (fornya søknad)
2. Ål IL, alpingruppa – lys til trening i Ål skisenter (ny søknad)
3. Ål kommune – symjebasseng (fornya søknad)

Nærmiljøanlegg:

1. Ål IL, fotballgruppa - Sandvolleyballbane

Forhold til overordna plan:

I samsvar med kommunal plan for idrett og fysisk aktivitet

Helse-/miljø og beredskapsomsyn:

Ingen kjende

Økonomiske konsekvensar:

Om kommunen held fram med å løyve 1/3 av totalkostnaden til godkjende idrettsanlegg, må tilskotet til kunstgrasbanen aukast med kr 71.000.

Vurdering:

Administrasjonen vil ikkje endra prioriteringa frå i fjor.

1. Ål IL, fotballgruppa – kunstgrasbane
2. Ål IL, alpingruppa – lys til trening i Ål skisenter
3. Ål kommune – symjebasseng

Administrasjonen ser ingen grunn til å fråvike prinsippet om eit kommunalt tilskot på 1/3 av totalkostnaden for investeringane til kunstgrasbane på Bråta

Alle tal i heile 1000

Pri	Namn på anlegg	Eigar	Totalkostnad	Kommunalt tilskot	Utbetaling 2008
1	Kunstgrasbane	Ål IL	5.572	1.857 (1 mill utbetalt i 2007)	857
2	Lys i Ål skisenter	Ål IL		245 løyvd for 2007, ikkje utbetalt	
3	Symjebasseng	Ål kommune	8.135	6.735 (Prosjektet er gjennomført)	
4	Sandvolleyballbane (nærmiljøanlegg)	Ål IL	746	249	249

Løyvinga frå kommunen blir teke frå utbyggingsfondet, jf K.sak 140/98

Rådmannen si innstilling:

Ål kommune oversender søknader om spelemiddeltilskot for fylgjande anlegg i prioritert rekkefylgje:

Ordinære anlegg:

1. Ål IL, fotballgruppa – kunstgrasbane
2. Ål IL, alpingruppa – lys til trening i Ål skisenter
3. Ål kommune – symjebasseng

Nærmiljøanlegg:

1. Ål IL, fotballgruppa – sandvolleyballbane

Dersom anlegga får spelemiddeltilskot, tek Ål kommune på seg fylgjande økonomisk ansvar:

Alle tal i heile 1000

Pri	Namn på anlegg	Eigar	Totalkostnad	Kommunalt tilskot	Utbetaling 2008
1	Kunstgrasbane	Ål IL	5.572	1.857 (1 mill utbetalt i 2007)	857
2	Lys i Ål skisenter	Ål IL		245 løyvd for 2007, ikkje utbetalt	
3	Symjebasseng	Ål kommune	8.135	6.735 (Prosjektet er gjennomført)	
4	Sandvolleyballbane (nærmiljøanlegg)	Ål IL	746	249	249

Løyvinga frå kommunen blir teke frå utbyggingsfondet, jf K.sak 140/98

Kultursektoren, 15.10.2007

Trond Kleppen
rådmann

Maria Høgetveit Berg
kultursjef

Formannskapet handsama saka den 03.12.2007, saksnr. 133/07

Handsaming:

Rådmannen si innstilling vart samrøystes vedteke.

Ål kommune

Saksutgreiing

Saksnr.: 82/07
Arkivsaksnr: 07/1955
Arkivkode: 614 &55

Sakshandsamar: Torleif T Dalseide

Saksnummer	Utval	Møtedato
141/07	Formannskapet	17.12.2007
82/07	Kommunestyret	20.12.2007

SAL AV TORPOMOEN

Saka vert avgjort av:
Kommunestyret

Vedlegg:

Ingen

Dokument i saka:

Brev til Hallingdal Hytteservice AS og DKM Hallingdal av 3.oktober-07

Svar frå Hallingdal Hytteservice AS av 9.oktober-07

Svar frå DKM Hallingdal av 9.oktober-07

Saksopplysningar:

I samband med nedlegginga av Heimevernsskulen på Torpomoen vedtok Ål kommunestyre å kjøpe den nedlagde skulen for kr.7.690.000,- (inkl. dokumentavgifter) med overtaking 1.desember 2002. Sparebank1 Hallingdal gjekk kort tid etter inn med 2,5mill.kr og kommunen og Sparebank1 Hallingdal stifta eit nytt selskap kalla Torpomoen Eigedom AS.

Ål kommune eig 2/3 av aksjane, og Sparebank1 Hallingdal 1/3.

Grunngjevinga for å kjøpe Torpomoen var i hovudsak at kommunestyret ynskte at kommunen skulle vere med å etablere nye arbeidsplassar etter at det vart borte om lag 38 arbeidsplassar ved nedlegginga av Heimevernsskulen.

Dei fyrste fire åra mottok kommunen ein del midlar i statlege omstillingsmidlar som følgje av nedlegginga.

I 2003 og 2004 gjekk mykje av desse midlane til forskjellige prosjekt på Torpomoen.

Etter kvart såg ein at dei bedriftene som etablerte seg på Torpomoen burde få bli med å utvikle drifta i området og selskapet Torpomoen Drift As vart stifta. Ål kommune eig 18% av aksjane i dette driftsselskapet. Dette selskapet vart stifta 1.1.2006. Andre større eigarar er Gjensidige Hallingdal, Hallingdal Kraftnett as, Sparebank1 Hallingdal, Norsk Luftambulanse.

Ved denne selskapsetableringa fekk eigarane av driftsselskapet ein forkjøpsrett til aksjane i eigedomsselskapet, dvs ein forkjøpsrett/opsjon til å kjøpe Torpomoen innan tre år.

Denne retten har eigarane i Torpomoen Drift as sagt ifrå seg på ein ekstraordinær generalforsamling den 10.des-07 til fordel for Oland Eigedom as.

I dag er det om lag 35 arbeidsplassar direkte tilknytt Torpomoen, og om lag 15 fleire som er tilsett i selskap som har hovudkontor der.

Eigedomsselskapet har gått i balanse før avskrivningar etter at driftsselskapet vart stifta.

Driftsselskapet gjekk med om lag kr.900.000 i underskot i 2006, men ser ut til å gå med eit lite overskot eller i balanse før avskrivningar i 2007.

Forhold til overordna plan:

Ingen

Helse-/miljø og beredskapsomsyn:

Ingen kjente

Økonomiske konsekvensar:

Ål kommune mottok kr 6.000.000,- for salet av aksjane i Torpomoen Eigedom as, kr 270.000,- for aksjane i Torpomoen Drift as og kr 983.200,- i innløyising av ansvarleg lån.

Til saman kr7.342.600,- som blir sett inn på dei fonda /konti som midlane var tekne frå ved kjøpet.

Vurdering:

Ved sluttmelding av prosjektet "kjøp av Torpomoen" F-sak 30/07 står det: *Det er og ei målsetting at eigarane på sikt kan trekkje seg ut og selje sine aksjar, slik at heile løyvinga kan tilbakeførast til Næringsfondet.*

I haust meldte to aktørar si interesse for å kjøpe ut kommunen og banken.

Formannskapet gjorde slikt vedtak i sak 108/07 den 30.10.2007:

Ordførar får fullmakt til å fullføre forhandlingane med Hallingdal Hytteservice AS om sal av aksjane i Torpomoen Eigedom AS og Torpomoen Drift AS. Endeleg vedtak om sal skal godkjennast av kommunestyret i fyrste møtet etter at kjøpekontrakten er undertekna.

Oland Eiendom AS (eigedomsselskapet til Hallingdal Hytteservice AS) har vore i forhandlingar med eigarane, lagt fram sine planar for utviklinga av området og akseptert eigarane sine krav til pris.

Selskapet vil bygge vidare på dagens drift. Dagens aktørar på Torpomoen får drive vidare som dei ynskjer.

Oland Eiendom AS ynskjer å opne opp området i austre del av leiren og redusere det "militære preget" som enno er der. Dei vil elles bygge på administrasjonsbygget, eller bygge nytt like ved for å kunne tilby meir lokale for nye kontorarbeidsplassar.

I vestre del av leiren vil ein redusere umoderne bygningsmasse, fortette og by fram næringsstomter.

Dei nye eigarane vil setja i gang eit privat reguleringsplanarbeid som må godkjennast av kommunen før store tiltak blir sett i verk.

Dei nye eigarane ynskjer positiv medverknad frå kommunen for å få ei slik reguleringsplan i hamn på ein god måte.

Torpomoen består av stor bygningsmasse med store faste kostnader til drift og vedlikehald av desse. Arealet i vestre del av leiren er lite utnytta.

Etter kvart vil kravet til nyinvestering, vidareutvikling og vedlikehald auke.

Kommunen har i lag med Sparebank1 nådd hovudmålet med denne investeringa, nemleg å få reetablert om lag like mange arbeidsplassar som det var ved nedlegginga.

Sakshandsamar meiner at andre private aktørar har meir evne til og kan ha større fokus på å utvikle området framover enn det kommunen og banken evnar.

Den samla kjøpesummen for Torpomoen er kr 11.015.000,-
Med 66,66% eigardel mottok Ål kommune

kr 7.342.600,-

Prisen er diskutert mellom eigarane og i dialog med formannskapet, og dekkjer alle utlegg kommunen har hatt med kjøpet av Torpomoen og aksjar i driftsselskapet og i tillegg ein liten fortenestemargin. Då dette er eit sal av aksjar vil selskapa bestå og leigekontraktar vidareført utan endringar som følgje av salet.

Kjøpesum og andre vilkår har kjøparane akseptert i brev av 9.oktober-07 til ordføraren. Med atterhald om kommunestyrets godkjenning blir eigarskiftet gjennomført pr.31.12.07.

Ordføraren si innstilling:

Ål kommunestyre godkjenner salet av Ål kommune sine aksjar i Torpomoen Eigedom as og Torpomoen Drift as til Oland Eiendom as. Innløysing av ansvarleg lån er inkludert i salet. Samla kjøpesum for kommunens eigardel er kr 7.342.600,-

Kjøpesummen blir tilbakeført til næringsfond og kapitalfond i same forhold som pengane er henta frå det enkelte fond.

Ordføraren i Ål, 12.12.2007

Torleif T. Dalseide
ordførar

Saka vert handsama i formannskapet måndag 17.12.07

Ål kommune

Saksutgreiing

Saksnr.: 83/07
Arkivsaksnr: 07/1789
Arkivkode: 252

Sakshandsamar: Geir Tretterud

Saksnummer	Utval	Møtedato
17/07	Styret for Ål kraftverk	08.11.2007
120/07	Formannskapet	26.11.2007
83/07	Kommunestyret	20.12.2007

AUKA ANSVARLEG LÅNI ÅL KRAFTVERK FOR ÅL KOMMUNE

Saka vert avgjort av:
Kommunestyret

Vedlegg:
Ingen

Dokument i saka:
*

Saksopplysningar:
For saksutgreiing sjå sak 14/07 Budsjett 2008.

Forhold til overordna plan:
*

Helse-/miljø og beredskapsomsyn:
*

Økonomiske konsekvensar:
*

Vurdering:
*

Innstilling:
Styret rår Ål kommunestyre om å gjere fylgjande vedtak:
Ål Kommunestyre vedtek å auke det ansvarlege lånet frå Ål kommune til Ål Kraftverk KF frå kroner 10 000 000 til kroner 14 500 000. Auken kjem frå allereide innvilga lån til Ål Kraftverk KF frå Ål kommune i 2006 i samband med utbygginga i Lya Kraftverk. Dette lånet blir gjort om til eit ansvarleg lån.

Styret for Ål kraftverk, 13.11.2007

Torleif T. Dalseide
Leiar

Geir Tretterud

Styret for Ål kraftverk handsama saka den 08.11.2007, saksnr. 17/07

Handsaming:

For saksutgreiing sjå sak 14/07 Budsjett 2008.

Styret i Ål Kraftverk KF gjorde fylgjande einstemmige vedtak:

Styret rår Ål kommunestyre om å gjere fylgjande vedtak:

Ål Kommunestyre vedtek å auke det ansvarlege lånet frå Ål kommune til Ål Kraftverk KF frå kroner 10 000 000 til kroner 14 500 000. Auken kjem frå allereide innvilga lån til Ål Kraftverk KF frå Ål kommune i 2006 i samband med utbygginga i Lya Kraftverk. Dette lånet blir gjort om til eit ansvarleg lån.

Styret for Ål kraftverk si innstilling:

Ål Kommunestyre vedtek å auke det ansvarlege lånet frå Ål kommune til Ål Kraftverk KF frå kroner 10 000 000 til kroner 14 500 000. Auken kjem frå allereide innvilga lån til Ål Kraftverk KF frå Ål kommune i 2006 i samband med utbygginga i Lya Kraftverk. Dette lånet blir gjort om til eit ansvarleg lån.

Formannskapet handsama saka den 26.11.2007, saksnr. 120/07

Handsaming:

Kraftverksstyret si innstilling vert samrøystes tilrådd.

Ål kommune

Saksutgreiing

Saksnr.: 84/07
Arkivsaksnr: 04/924
Arkivkode: 026

Sakshandsamar: Trond Kleppen

Saksnummer	Utval	Møtedato
134/07	Formannskapet	03.12.2007
84/07	Kommunestyret	20.12.2007

STIMULERINGSMIDLER TIL VIDAREFØRING AV SLT

Saka vert avgjort av:
Kommunestyret

Vedlegg:
Ingen

Dokument i saka:
Tidlegare saksmappe ved etablering av prosjektet.
Referat frå styringsgruppemøte

Saksopplysningar:
I 2005 vart det i eit samarbeid mellom Regionrådet, kommunane i Hallingdal og Staten ved lensmannskontora i Hallingdal etablert eit SLT-prosjekt (Samordning av Lokale kriminalitetsførebyggande Tiltak). Det statlege KRÅD (Kriminalitetsførebyggande RÅD) ga tilskot til prosjektet, slik at kommunane sin del var liten (vel 14.000 kr / år for Ål).

I K-sak 37 / 04 vart det gjort slik vedtak:

- 1. Kommunestyret går inn for at det blir etablert eit tverrfagleg samarbeid for 3 år mellom kommunane og lensmannskontora i Hallingdal etter SLT- modellen. Målet er å utvikle og styrkje den lokale samordningen av det kriminalitetsførebyggande arbeidet i Hallingdal.*
- 2. Organisering av prosjektet skjer i høve til skisserte framstilling og modell.*
- 3. Ål kommune forplikter seg til å ta aktiv del i det kriminalitetsførebyggande arbeidet og at arbeidet vert forankra og innarbeid i kommunen sine planar.*
- 4. Framlegg til budsjett og finansiering leggst til grunn. Ein føresetnad er at det blir gjeve totalt kr. 600.000,- i stimuleringstilskot fra Det Kriminalitetsførebyggande Råd (KRÅD). Ål kommune sin del av kommunane sin eigenandel på kr. 200.000,- utgjer kr. 14.224,- pr. år etter regional fordelingsnøkkel. For 2004 vert kr.14.224,- dekkja av formannskapsposten. For 2005 og 2006 vert denne summen lagt inn i samband med handsaming av økonomiplanen for 2005 – 2008.*

Som Ål kommune sin representant til arbeidsutvalget vert valt:

Sverre Mostue _____ med Tore Bøygard som vararepr.

Den statlege tilskotsordningen er avslutta, og prosjektet har fått midlar til drift fram til 1. feb. 2008, som var dato for avslutting av prosjektperioden. Det er no spørsmål om overgang frå prosjekt til eit fast tiltak, der styringsgruppa i siste referat skriv følgjande:

Årsbudsjettet for 2007 er på 293 600.-kr, så med vanleg drift vidare ut året, ligg vi godt under budsjett. På tross av at vi ikkje mottok noen støtte frå KRÅD for 2007, ligg vi i følgje kontooversikt, an til å ha ca. 100 000 kr som vi kan supplere eit fyrste driftsår for ein permanent SLT stilling, med oppstart frå 01.02.08.

Frå Regionrådet har me mottatt følgjande:

Regionrådet handsama saka i møte 9.11.2007. Utgangspunktet var at Styringsgruppa for SLT har bedt om at Regionrådet og kommunane i Hallingdal tek opp spørsmålet om og vidare drift av SLT - koordinator stillinga, etter at prosjektet bli avslutta 1.2.2008.

Styringsgruppa for SLT drøfta seinast i møte 8.10.2007 eventuell vidareføring av prosjektet, møterefater vedlegg 1.

SLT - prosjekt Hallingdal starta 1.1.05, med ein prosjektperiode fram til 1.2.2008.

P.g.a. prosjektleiar Liv Solberg ikkje fekk forlenga sin permisjon, var prosjektet utan fast SLT- koordinator, frå 1.12.2005 og fram til 15.8.2006, då Ole-Reidar Lågrinn, vart tilsett i 50 % stilling.

Av vedlagt referat går det fram kva som har vore hovudoppgåvene til SLT-Hallingdal den siste perioden.

I Regionrådet si drøfting vart det vektlagt at arbeidet som blir gjort er eit viktig ledd i det førebyggjande arbeidet og at SLT-koordinator er ein viktig "koplingsboks" mellom kommunar og i forhold til andre etatar, organisasjonar og miljø som arbeidar med kriminalitetsførebyggjande tiltak. Samordningsfunksjonen er også noko av hovudideen med SLT.

Med bakgrunn i at SLT-Hallingdal i noverande form berre har helde på vel eit år p.g.a. skifte av prosjektleiar, såg Regionrådet det som viktig å vidareføre dei gode tiltak som no er i gang.

Det er sett opp følgjande budsjett for ei vidareføring av prosjektet med 50 % regional stilling.

Lønn / feriepeng	190 000	
Pensjon	25 334	
Arbeidsgjevaravgift	22 000	
Heimekontor	14 400	
Telefon, data	8 500	
Kontormateriell	1 5000	
Køyre og kostgodtgjersle	24 000	
Profilering	3 500	
Kurs, konferanse	9 000	
Div. utgifter	6 000	
Totale driftskostnader	307 734	

Utgifter pr. år

Kommune	Flå	Nes	Gol	H-dal	Ål	Hol	Totalt
Folketal 1.1.2007	989	3 456	4 435	1 963	4 642	4 475	19 960
Å betala	26 060	52 685	63 250	36 572	65 484	63 682	307 734

Vedtak i regionrådet

Regionrådet for Hallingdal ser på arbeidet som SLT-Hallingdal gjer, som viktig for Hallingdal. Regionrådet vil rå kommunane til at arbeidet blir vidareført i ein prosjektperiode på 2 år, frå 1.2.2008, med ei 50 % prosjektstilling, som i dag.

Regionrådet ber om at det blir lagt fram ei evaluering innan 20. september 2009.

Regionrådet vil rå til at styringsgruppa blir satt saman av:

- 2 medlemmer frå to lensmannskontor, oppnemnt av lensmannskontora i Hallingdal.
- 2 medlemmer frå administrasjonen i kommunane, oppnemnt av Rådmannsutvalet, representant frå rådmannsutvalet og/eller sektorleiar.
- 2 representantar frå politisk nivå, ordførarar og/eller politisk leiar sektorutval, oppnemnt av Regionrådet.

Regionrådet og Rådmannsutvalet koordinerar val av representantar slik at alle kommunane blir representert. Regionrådet ber kommunane handsame saka innan 1.1.2008.

Forhold til overordna plan:

Prosjektet er primært eit statleg initiert tiltak og i hovudsak eit statleg ansvar.

Kriminalitetsførebyggjande tiltak er likevel ikkje vanskeleg å linke opp mot kommunalt planverk, da mange av tiltaka som kan iverksettast òg vil vere tiltak innretta mot skule, oppvekstmiljø og førebyggjande tiltak innan helse- og sosial.

Helse-/miljø og beredskapsomsyn:

Kriminalitetsførebyggjande tiltak kan ha positiv helse- og miljøeffekt for samfunnet generelt, og ikkje minst for dei familieane som blir ramma som offer eller får ein kriminalitetsutøvande ungdom i familien.

Økonomiske konsekvensar:

Det er ikkje budsjettert med slike midlar frå 2008, og med minimum 65.000 kroner pr år til prosjektet, må dette vurderast og prioriterast opp mot alle tiltak og behov i kommunen.

Vurdering:

Prosjektet fekk ein dårleg start med skifte i konsulentstillinga allereie fyrste året. Eit opphald i ¾ år før ny konsulent var på plass forsterka dette. Det har vore rapportert eit manglande engasjement i kommunane og i styringsgruppa, m.a. gjennom sviktande deltaking frå dei statlege initiativtakarane.

Rådmannen er sterkt i tvil om vidareføring med følgjande grunngjeving:

- Opprinneleg plan var å slutføre prosjektet pr 1.feb 2008.
- Det er ikkje gjennomført ei grundig evaluering av prosjektet ved utløp av prosjektperioden.
- Alternative løysingar til vidare arbeid med temaet er ikkje skissert.
- Det har vore eit dårleg engasjement frå dei ulike partane i prosjektet, og da særleg frå initiativtakarane på statleg side.
- Kostnaden på 65.000 kr ligg ikkje inne / er ikkje planlagt i økonomiplanen for Ål kommune i 2008.
- Nes formannskap har allereie gjort negativt vedtak, og det var ein føresetnad at alle kommunane deltok i prosjektet.

Rådmannen si innstilling:

Ål kommunestyre avslår deltaking i eit vidareført SLT – Hallingdal etter at prosjektperioden er avslutta 1.feb 2008. Grunngeving for avslaget er tredelt:

- Prosjektet er ikkje planlagt i kommunen sitt budsjett i 2008.
- Ei grundig evaluering og vurdering av alternative løysingar er ikkje gjennomført.
- Det har vore eit sviktande engasjement frå deltakarane og i liten grad synleggjort resultat.

Rådmannen i Ål, 27.11.2007

Trond Kleppen
rådmann

Formannskapet handsama saka den 03.12.2007, saksnr. 134/07

Handsaming:

Følgjande omforeinte forslag vart samrøystes tilrådd:

1. *Ål kommunestyre ser på arbeidet som SLT-Hallingdal gjer, som viktig for Hallingdal. Ål kommune går inn for at arbeidet blir vidareført i ein prosjektperiode på 2 år, frå 1.2.2008, med ei 50% prosjektstilling, som i dag.*
2. *Kommunestyret ber om at det blir lagt fram ei evaluering innan 10.august 2009.*
3. *Kommunestyret vil rå til at styringsgruppa blir satt saman av:*
 - 2 medlemmer frå to lensmannskontor, oppnemnt av lensmannskontora i Hallingdal
 - 2 medlemmer frå administrasjonen i kommunane, oppnemnt av Rådmannsutvalet representant frå rådmannsutvalet og/eller sektorleiar.
 - 2 representantar frå politisk nivå, ordførarar og/eller politisk leiar sektorutval, oppnemnt av Regionrådet.*Regionrådet og Rådmannsutvalet koordinerar val av representantar slik at alle kommunane blir representert.*
4. *Ål kommune sin del av kostnaden med prosjektet, 65 000 kroner pr år blir å legge inn i budsjettet for 2008 og 2009.*

Det er ein føresetnad at alle kommunane deltek i prosjektet.

Formannskapet si innstilling:

1. *Ål kommunestyre ser på arbeidet som SLT-Hallingdal gjer, som viktig for Hallingdal. Ål kommune går inn for at arbeidet blir vidareført i ein prosjektperiode på 2 år, frå 1.2.2008, med ei 50% prosjektstilling, som i dag.*
2. *Kommunestyret ber om at det blir lagt fram ei evaluering innan 10.august 2009.*
3. *Kommunestyret vil rå til at styringsgruppa blir satt saman av:*
 - 2 medlemmer frå to lensmannskontor, oppnemnt av lensmannskontora i Hallingdal
 - 2 medlemmer frå administrasjonen i kommunane, oppnemnt av Rådmannsutvalet representant frå rådmannsutvalet og/eller sektorleiar.
 - 2 representantar frå politisk nivå, ordførarar og/eller politisk leiar sektorutval, oppnemnt av Regionrådet.

Regionrådet og Rådmannsutvalet koordinerar val av representantar slik at alle kommunane blir representert.

4. Ål kommune sin del av kostnaden med prosjektet, 65 000 kroner pr år blir å legge inn i budsjettet for 2008 og 2009.
5. Det er ein føresetnad at alle kommunane deltek i prosjektet.

Ål kommune

Saksutgreiing

Saksnr.: 85/07
Arkivsaksnr: 07/1709
Arkivkode: 033 X40

Sakshandsamar: Margit S. Kopperud

Saksnummer	Utval	Møtedato
2/07	Valnemnd	26.11.2007
8/07	Valnemnd	20.12.2007
85/07	Kommunestyret	20.12.2007

VAL AV FORLIKSRÅDSMEDLEMMER FOR PERIODEN 1.5. 2008 - 31.12 2012

Saka vert avgjort av:
Kommunestyret

Vedlegg:
Rundskriv frå Justis- og politidepartementet av 28/6 2007 om val av forliksrådsmedlemmer.

Dokument i saka:
Brev frå dei som har sagt frå seg attval.

Saksopplysningar:
I kvar kommune skal det vere eit forliksråd.
Forliksrådet skal ha 3 medlemmer og like mange varamedlemmer.
Det skal vere både kvinner og menn blant medlemmane og varamedlemmane.
Varamedlemmane vert innkalla i den rekkefølga dei er oppnemnt.

Kommunestyret skal velje ein av medlemmane til formann. Har denne forfall, trer dei andre som er nemnt først i oppnemnelsen og som gjer teneste, inn i staden for
I lensmannsdistrikta er lensmannen sekretariat for forliksrådet. Jf. § 27 i domstolloven.

Lovendringa i domstolloven § 57 første ledd gjer at for framtida skal valet gå føre seg
Innan 15. oktober året etter kvart kommunestyreval, og gjelde frå 1. januar det påfølgjande år

Etter kommunestyrevalet hausten 2007, skal det nye kommunestyret sjølv velje forliksrådsmedlemmar
innan 15. januar 2008. Valet gjeld for perioden 1. mai 2008 til
1. januar 2013.

Vilkår for å kunne bli valt til forliksrådsmedlem:

Domstolloven § 53 gjeld og for forliksrådsmedlemmene, der det heiter:
*Forliksrådsmedlemmene må vere norske statsborgere – menn eller kvinner – som er
Verderheftige og som ikkje er fradømt stemmeretten i offentlige anliggender.*

I tillegg stiller domstoloven § 56 opp visse vilkår for å kunne bli valt:

- Vedkomande må ha fylt 25 år
- Vedkomande må vere under 70 år ved valperiodens start, jfr §70 nr.1.
- Som forliksrådsmedlemmer skal berre velgast personar som ein ser særskilt egna til oppgåvene, og som beherska norsk skriftleg og munnleg godt.

Den som ikkje bur i kommunen kan nekte å ta imot val.

Endringane i domstoloven inneber at det no er fleire som er utelukka til val som forliksrådsmedlemmer.

§§71 og 72 i Domstolova seier noko om kven som er utelukka på grunn av stilling eller på grunn avandel. Sjå pt. 1.2 i vedlegget. om vilkår for å kunne velgast.

§72 nr.9 utelet frå val i den kommunen vedkomande er tilsett i, ikkje frå tilsvarande val i andre kommunar.

Om framgangsmåten ved valet, sjå kpt 1.3 i vedlegget.

Det er kome inn brev frå alle tre medlemmane pluss ein varamedlem frå sist periode om at dei ikkje ynskjer attval til forliksrådet.

Desse er: Unni Sørensen – leiar, Terje Danilelsen og Kari Redalen som medlemmer og Ole Tom Nord som varamedlem. Attståande varamedlemmer som ikkje har gjeve nokon melding er Inger Karin Bøygard og Torleif Teigen.

Forhold til overordna plan:

*

Helse-/miljø og beredskapsomsyn:

*

Økonomiske konsekvensar:

*

Vurdering:

Valnemnda må finne nye kandidatar som medlemmer til forliksrådet for den nye perioden som gjeld fram til 2013.

Desse må stette krava i lovverket om val av medlemmer .

Saka må leggest fram for kommunestyret for endeleg vedtak i møte 20. desember 2007.

Rådmannen si innstilling:

Ingen

Administrasjon- og fellestenester, 08.11.2007

Trond Kleppen
rådmann

Valnemnd handsama saka den 26.11.2007, saksnr. 2/07

Handsaming:

Valnemnda kom med framlegg om å spørje Sigmund Tveitehagen, Birger Jorde og Kari Rudningen Fossli som nye medlemmer med Guri Dahle som nytt varamedlem. Attståande varamedlemer frå før Inger Karin Bøygard og Torleif Teigen.

Vedtak:

Ingen

Saka vert handsama i valnemnda før kommunestyremøtet 20.12.07

Ål kommune

Saksutgreiing

Saksnr.: 86/07
 Arkivsaksnr: 07/1708
 Arkivkode: 033 X40

Sakshandsamar: Margit S. Kopperud

Saksnummer	Utval	Møtedato
3/07	Valnemnd	26.11.2007
7/07	Valnemnd	20.12.2007
86/07	Kommunestyret	20.12.2007

VAL AV SKJØNNSMENN FOR PERIODEN 1.5. 2008 - 31.12.2012

Saka vert avgjort av:

Kommunestyret - framlegg.

Vedlegg:

Brev frå Justis- og politidepartementet om val av forlikrådsmedlemmer og skjønnsmenn
 Brev frå Buskerud fylkeskommune til tingretten og kommunane i Buskerud av 13.08.2007.
 Liste over personar som har vert med denne perioden

Dokument i saka:

Saksopplysningar:

I brevet frå Buskerud fylkeskommune heiter det m.a.:

”Det vises til brev av 28.06.07 frå Justis- og politidepartementet om val av forlikrådsmedlemmer og skjønnsmenn hausten 2007 eller våren 2008. På bakgrunn av dette

Brevet og skjønnsprosessloven § 14 ber Buskerud fylkeskommune om forslag frå tingrettene og kommunestyrene i Buskerud til val av skjønnsmenn for ny periode 1. mai 2008 – 31.12 2012.”

Frå Hallingdal skal det velgast 70 medlemmar, av desse **skal det velgast 17 personar frå Ål**. For Buskerud totalt skal det velgast 220 skjønnsmenn.

Det samla framlegget bør innehalde ca 20 % fleire namn enn det tal som skal velgast.

Tillegget på 20 % er fastsett fordi

- vandelskontrollen kan vise at nokon av dei som er foreslegne ikkje er valbare
- fylkestinget vil få eit betre utgangspunkt for ”riktig” samansetting
- fylkesrådmannen vil ha personar å ”fyller inn” ved eventuell fråtrede frå skjønnsmannsutvalet.

Sjå elles vedlegget frå Buskerud Fylkeskommune.

Justisdepartementet har funne det tenleg at valperioden for skjønnsmenn følgjer perioden for Forlikrådsmedlemmer. Inneverande periode går ut 30. april 2008.

Frist for innsending av framlegg til skjønnsmenn for perioden 1. mai 2008 – 31.12 2012 er satt til 20. januar 2008.

Ola K. Rygg har gjeve melding om at han godt kan tenkje seg å fortsetja i utvalet.

Forhold til overordna plan:

*

Helse-/miljø og beredskapsomsyn:

*

Økonomiske konsekvensar:

*

Vurdering:

Valnemnda gjev framlegg til egna personar som skjønnsmenn for perioden 2008 – 2012.

Frist for innsending av framlegg til skjønnsmenn for perioden er satt til 20 januar 2008.

Saka må leggast fram for kommunestyret i møte den 20.desember 2007.

Rådmannen si innstilling:

Ingen

Administrasjon- og fellestenester, 12.11.2007

Trond Kleppen
rådmann

Valnemnd handsama saka den 26.11.2007, saksnr. 3/07

Handsaming:

Det kom forslag til følgjande ny medlemmer :

Martin Storedal, Borghild Hole, Steinar Gudbrandsgar, Håvard Brevik,

Wenche Bang Brusletto og Guri Saue.

Desse skal i tilfelle erstatte nokre av dei ”eldre medlemmane” for å få betre aldersfordeling.

Endeleg framlegg blir gjort før kommunestyremøtet i desember.

Vedtak:

Ingen

Saka vert handsama i valnemnda før kommunestyremøtet 20.12.07

Ål kommune

Saksutgreiing

Saksnr.: 87/07
Arkivsaksnr: 07/1958
Arkivkode: 033

Sakshandsamar: Margit S. Kopperud

Saksnummer	Utval	Møtedato
9/07	Valnemnd	20.12.2007
87/07	Kommunestyret	20.12.2007

SUPPLERINGSVAL TIL STYRER NEMNDER OG RÅD FOR 2008 - 2011

Saka vert avgjort av:
Kommunestyret

Vedlegg:
Ingen

Dokument i saka:
*

Saksopplysningar:

Kommunestyret gjorde vedtak til nye styrer nemnder og råd for den nye valperioden i sak 69/07. Det er nokre justeringar som må gjerast i samband med desse vala.

1. Ved handsaming av nye personar til Overformynderiet vart Knut L. Sandåker Valt som ny leiar, men har sagt ifrå at han ikkje kan ta på seg leiarfunksjonen. I tillegg til Sandåker, er Gerd Ljønes Brunsvold valt som medlem i Overformynderiet. Valnemnda må finne ny leiar til nemnda.

2. Når det gjeld den nye nemnda Råd for menneske med nedsett funksjonsevne, er det ikkje blitt valt nokon leiar eller nestleiar. Jfr §6 i Lov om råd for menneske med nedsett funksjonsevne, er det kommunestyret som skal velje desse.

Dei faste medlemmene som er blitt valt er:

- | | |
|--|-----------------------|
| 1. Nils Bjørnar Ødelien | Nils Dengerud |
| 2. Kjell Torgersen | Astrid Hernes |
| 3. Joseph John Murray | Nora E. Mosand |
| 4. Anne Kjersti Frøyen (frå kommunest.) | Kari Rudningen Fossli |
| 5. Mette Feten | Audun Vestenfor |

Valnemnda må velje ut leiar og nestleiar blant ovanstående medlemmer.

3. Ved val av medlem til styret for Felles innkrevingskontor for Hallingdal, er det ikkje blitt valt varamedlem for Erling Hagen. Dette må gjerast. Bør vera ei kvinne.

4. Når det gjeld varamedlemmer til styret for Ål Kraftverk, er Gudrun Heimvik blitt attvald. Det viser seg at ho har flutt frå Ål og det må soleis velgast ein ny person i staden hennar då det no står att berre tre varamedlemmer. Desse er: 1. Eilif Gundersen, 3. Knut Einar Haug og 4. Nils Ove Svendsgård. Ny 2.varamedlem bør vere ei kvinne.

5. Det må velgast eit medlem til styret for dei regulerte vatna i Hol og Ål. Einar Sverre Breie har nekta attval.

Forhold til overordna plan:

*

Helse-/miljø og beredskapsomsyn:

*

Økonomiske konsekvensar:

*

Vurdering:

Valnemnda må peike ut ny leiar i Overformynderiet og kven som skal vere leiar og nestleiar i Rådet for personar med nedsett funksjonsevne.

Det må og velgast ein person som varamedlem frå Ål til styret for Innkrevingskontoret for Hallingdal, og ein ny varamedlem til styret for Ål Kraftverk KF

Rådmannen si innstilling:

Ingen

Administrasjon- og fellestenester, 12.12.2007

Trond Kleppen
rådmann

Saka vert handsama i valnemnda før kommunestyremøtet 20.12.07

Ål kommune

Saksutgreiing

Saksnr.: 88/07
Arkivsaksnr: 07/1091
Arkivkode: 299

Sakshandsamar: Morten Mastrup

Saksnummer	Utval	Møtedato
117/07	Formannskapet	26.11.2007
88/07	Kommunestyret	20.12.2007

ØKONOMIREGLEMENT

Saka vert avgjort av:

Kommunestyret.

Rullering med endringar annenkvar år.

Saka med vedlegg vert også sendt Kontrollutvalg og revisjon for uttale.

Vedlegg :

Forslag til Økonomireglement for Ål kommune

Dokument i saka:

Gjeldande delegasjonsreglement for Ål kommune (K.sak 13/01 og 37/07)

Reglement for Ål kommune (K.sak 93/95)

Saksopplysningar:

Økonomireglementet er lagt opp til å vere ei dynamisk handbok for økonomiavdelinga. Den er derfor utarbeida ned på rutinenivå innan dei ulike oppgåveområda.

Lov om kommunar og fylkeskommunar av 25.09.92 nr. 107 med tilhøyrande forskrifter av 15. desember 2000 ber preg av at staten oppfordrar kommunane til å drive mål- og rammestyring. Stortinget vedtok endringar i kommunelova i juni 2000, og Kommunal- og regionaldepartementet (KRD) har med bakgrunn i lovendringane fastsett nye forskrifter på økonomiområdet. Dei nye reglane er meir rammeprega enn dei tidlegare. Det er difor nødvendig for kommunen å fastsetja nærare reglar på økonomiområdet i eit eige økonomireglement.

Utgangspunktet for økonomireglementet er rammer og retningslinjer som følgjer av:

- Lov av 25.09.92 nr. 107 om kommunar og fylkeskommunar (kommunelova)
- Forskrift av 15.12.2000 nr. 1423 om årsbudsjett
- Forskrift av 15.12.2000 nr. 1424 om årsrekneskap og årsberetning
- Forskrift av 15.12.2000 nr. 1425 om rapportering frå kommunar og fylkeskommunar.
- Forskrift av 02.02.01 nr. 144 om kommunale og fylkeskommunale garantiar
- Forskrift av 05.03.01 nr. 299 om kommunar og fylkeskommunar sin finansforvaltning

Økonomireglementet gjeld som eit supplement til lov og forskrifter nemnt ovanfor.

Økonomireglementet er bygd opp med budsjett- og rekneskapsteori saman med rutiner for korleis me løyser dei viktigaste spørsmåla i vår eiga økonomiforvaltning. Reglementet er dessutan bygd opp med NKK (forbund for kommunal økonomiforvaltning og skatteinnfordring) sitt normalreglement som grunnlag og tilpassa spesielle behov i Ål kommune. Dessutan er reglementet utarbeidd med utgangspunkt i Reglement for Ål kommune (K.sak 93/95) og Delegasjonsreglement for Ål kommune (K.sak 13/01 og 37/07).

Forhold til overordna plan:

I Reglement for Ål kommune er det vist til Økonomireglement som skal utarbeidast.

Helse-/miljø og beredskapsomsyn:

Ingen

Økonomiske konsekvensar:

Ingen, ut over målsettinga om at økonomireglementet skal kunne gi ei betre forvaltning og styring med kommunen sin økonomi.

Vurdering:

Føremålet med økonomireglementet er:

- Å greie ut om økonomi- og rekneskapssystemet i kommunen
- Å medverke til ei effektiv og forsvarleg økonomiforvaltning i kommunen
- Å medverke til ei betre økonomistyring
- Å dokumentere viktige økonomirutinar
- Å gje dei folkevalde eit tilfredsstillande grunnlag for vedtak
- Å klargjera ansvaret politiske fora og administrasjon har gjennom delegering av mynde
- Handbok og oppslagsverk for økonomisjefen

Kommunestyret er det organ som vedtek kommuneplan, økonomiplan, årsbudsjett, mål og premissar for verksemda i kommunen. I kommunelovens § 45 pkt 2 heiter det at "kommunestyret vedtar sjølv årsbudsjettet og endringar i dette". Disponering av vedtekne rammer som ikkje strir mot mål og premissar for ressursbruken vedtekne i kommunestyret, kan og bør leggjast på eit lågare nivå. Framlegget til økonomireglement inneber difor overføring av mynde til administrasjon og hovudutval der dette ikkje er i strid med kommunestyret sin einekompetanse jf. kommuneloven. Både Rådmann og hovudutval kan gjere omdisponeringar innanfor budsjetttrammene. Rådmannen må informere og evt fremma sak om endringar som er vesentlege. Det vert også foreslått at Rådmann får disponere eit "til disposisjon beløp" på kr 1000 000 som finansierast frå reservefond og budsjetterast på formannskapsposten jf. Punkt 2.3.7 bokstav D. Forslag til endringar når det gjeld mynde, gjeld kap. 2.3 Diposisjonsfullmakt i budsjettsaker, kap. 9 Reglement for investeringsprosjekt og kap. 10.2 Avsetjing til og bruk av fond.

Merk at kap. 7 *Reglement for finansforvaltning* er allereie vedteke av kommunestyret (K.sak 64/02).

Rådmannen si innstilling:

Ål kommunestyre vedtek framlegg til Økonomireglement for Ål kommune, datert xx.xx.xx.

Administrasjon- og fellestenester, 20.11.2007

Trond Kleppen
Rådmann

Morten Mastrup

Formannskapet handsama saka den 26.11.2007, saksnr. 117/07

Handsaming:

Korrigert reglement datert 26.11.2007 vart tilrådd med følgjande endringar:

Ordføraren gjorde desse framlegga:

- rådmannen får fullmakt til å løyve inntil 50.000 kroner (pkt. 2.3.7)
- Fondsvedtektene og reglar for bruk av fond bør leggest inn i reglementet
- Avgrense den totale finansielle plasseringa til ein prosent av forvaltningskapitalen

Harald Varlid gjorde slikt framlegg:

- Likeins bør sjølvkostfond få eigen omtale under bundne fond
- Presisere ordlyd under 10.2 på side 54.

Formannskapet si innstilling:

Ål kommunestyre vedtek framlegg til Økonomireglement for Ål kommune, datert 26.11.2007

Ål kommune

Saksutgreiing

Saksnr.: 89/07
 Arkivsaksnr: 07/1751
 Arkivkode: 082

Sakshandsamar: Trond Kleppen

Saksnummer	Utval	Møtedato
118/07	Formannskapet	26.11.2007
89/07	Kommunestyret	20.12.2007

ORDFØRARGODTGJERSLE - ENDRING.

Saka vert avgjort av:
 Kommunestyret

Vedlegg:
 Ingen

Dokument i saka:
 Tidlegare behandling av godtgjersler.

Saksopplysningar:

Ordførar har tatt eit initiativ for å få vurdert ei omlegging av noverande ordning for ordførargodtgjersle. KS har skissert ei alternativ løysing, der ordførargodtgjersla blir knytta opp mot stortingsrepresentantane si løn med ein fast prosentdel. Dette er drøfta med formannskapet, og ordførar har bedt rådmannen lage ei sak til kommunestyret.

Ål kommune hadde i mange år ei kopling mellom ordførargodtgjersle og rådmannsløn, slik at ordførar automatisk fekk same nivå som vart forhandla fram for rådmann.

For to år sidan skjedde det ei frikopling. I praksis har det synt seg at ein framleis har følgd tidlegare system, med den forskjell at det ikkje lenger er automatisk justering, men justering etter vedtak i kommunestyret.

Reglementet pkt 5.1.A :

Ordførgodtgjersla blir fastsett av kommunestyret kvart år. (frå 01.07.06 kr 535.000)

Rådmannen si løn skal vera retningsgjevande.

Ordføraren har same rettar til ferie, løn under sjukdom m.m. som andre tilsette. Pensjonsordning etter særskilde retningsliner i KLP

Fleire kommunar har gått heilt vekk frå denne ordninga, og kopla det opp mot statleg politisk nivå (stortingspolitikar / statsråd). Da desse ligg høgt samanlikna med kommunalt nivå, har det vore nytta ein prosentdel av løna til stortingsrepresentantar.

Ordførar har i dag 535.000 kroner i godtgjersle, det same som rådmannen hadde fram til siste forhandling i sommar. Ved ei justering har det vore praksis at ordførargodtgjersla får same

virkningsdato som justeringtidspunktet for rådmann. Ål kommune ligg om lag midt på treet når det gjeld slik godtgjersle i Buskerud. Om ein held dei store kommunane med over 10.000 innb utanfor samanlikninga, ligg Ål relativt godt an. (frå 460.000 kr til 525.000 kr)

Etikkutvalet i KS har gjort slik vurdering :

Folkevalgte er i en spesiell situasjon i forhold til behovet for legitimitet, og det er viktig med åpenhet om godtgjørelser.

Dersom godtgjørelsen avtales i forhandlinger mellom partene (ordfører-rådmann) er det grunn til å stille spørsmål om habilitet og avstand til egeninteressene.

Dersom godtgjørelsen har referanse til annet organ for eksempel stortingets lønnskommisjons vurderinger vil slike spørsmål ikke kunne ha samme aktualitet.

Folkevalgte kommer ikke utenom at de selv bestemmer sin egen lønn. Selv om de kobler det opp mot noe annet så bestemmer de jo sjøl hva det skal kobles opp mot. Derfor trenges det en etisk bevissthet om at egeninteressen spiller inn uansett.

Det sunneste er nok å finne en ekstern kobling, enten ved å fast koble det opp mot Storting/statsråder, eller med jevne mellomrom la utenforstående justere lønnsnivået. F.eks en kommisjon en gang hvert fjerde år.

Konklusjon:

Kommunesektorens etikkutvalg anbefaler nyvalgte kommunestyre og fylkesting å fastsette ordninger for godtgjørelse som er relatert til eksterne og uavhengige vurderinger. Ordninger med knytning opp mot administrative lederlønninger i egen organisasjon kan reise spørsmål om habilitet og avstand til egeninteresse.

Storingsrepresentantar har i dag 612.000 kr pr år, med forslag om auke til 654.000 kroner. Med 90 % av løna til ein stortingsrepresentant vil godtgjersla til ordførar bli 550.000 kroner etter noverande lønsnivå og 588.000 kroner om forslaget blir gjennomført.

Forhold til overordna plan:

Ingen, ut over den praksis som har vore med at øvrige godtgjersler gjerne blir fastsett som prosent av ordførargodtgjersla, og slik sett har innverknad på reglementet til Ål kommune og til ein viss grad på økonomiplanen.

Helse-/miljø og beredskapsomsyn:

Ingen kjente

Økonomiske konsekvensar:

Sjå over.

Vurdering:

Rådmannen legg fram sak fordi det har vore sagt at kommunestyret ynskjer ei årleg vurdering i kommunestyret, og fordi praksis for fastsetting av ordførargodtgjersle er i ferd med å endre seg etter tilråding frå KS.

Ut over dette ynskjer ikkje rådmannen å vurdere saka, da dette er ei rein politisk vurdering og avgjerd. Rådmannen fekk frå 1. juli i år 560.500 kroner i årsløn.

Rådmannen si innstilling:

Kommunestyret i Ål fastset ordførar si godtgjersle til med virkning frå 1. juli 2007.

Kommunestyret vedtek slik endring i pkt 5.1.A i Reglement for Ål kommune:

Ordførgodtgjersla blir fastsett til.....

Ordføraren har same rettar til ferie, løn under sjukdom m.m. som andre tilsette. Pensjonsordning etter særskilde retningsliner i KLP

Rådmannen i Ål, 07.11.2007

Trond Kleppen
rådmann

Formannskapet handsama saka den 26.11.2007, saksnr. 118/07

Handsaming:

Ordførar stilte spørsmålet om sin habilitet, og vart samrøystes kjent habil til å ta del i saka.

Ivar Brevik fremma følgjande forslag:

1. *Ordførar si godtgjersle vert fastsatt til 560.500 kr frå 1. juli 2007 til 1. juli 2008.*
2. *Godtgjersla vert fastsett til 90 % av stortingsrepresentantane si løn frå 1. juli 2008.*
3. *Godtgjersla vert for framtida regulert 1. oktober kvart år slik som stortingsrepresentantane*

Åge Ødelien fremma følgjande forslag: *Ordførgodtgjersla skal følgje stortingsrepresentantane si løn, og skal vere 85 % av denne til einkvar tid.*

Brevik sitt forslag vart tilrådd med 6 røyster, medan 1 (1H) røysta for Ødelien sitt forslag.

Formannskapet si innstilling:

1. Ordførar si godtgjersle vert fastsatt til 560.500 kr frå 1. juli 2007 til 1. juli 2008.
2. Godtgjersla vert fastsett til 90 % av stortingsrepresentantane si løn frå 1. juli 2008.
3. Godtgjersla vert for framtida regulert 1. oktober kvart år slik som stortingsrepresentantane.

Kommunestyret vedtek slik endring i pkt 5.1.A i Reglement for Ål kommune:

- Ordførgodtgjersla blir fastsett til 90 % av stortingsrepresentantane frå 1.juli 2008.
- Ordføraren har same rettar til ferie, løn under sjukdom m.m. som andre tilsette.
- Pensjonsordning etter særskilde retningsliner i KLP

Ål kommune

Saksutgreiing

Saksnr.: 90/07
Arkivsaksnr: 07/1726
Arkivkode: 231

Sakshandsamar: Reidun Aaker

Saksnummer	Utval	Møtedato
97/07	Sektorutval for teknisk, næring og ressurs	20.11.2007
121/07	Formannskapet	26.11.2007
90/07	Kommunestyret	20.12.2007

BETALINGSSATSAR 2008 UTVIKLINGSAVDELINGA

Saka vert avgjort av:
Kommunestyret

Vedlegg:
Samanlikning av betalingssatsar pr 2007 for Hallingdalskommunane.

Gjeldande betalingssatsar finst på www.aal.kommune.no under fane "avgifter/gebyr"

Dokument i saka:
Ingen

Saksopplysningar:
Følgjande betalingssatsar ligg til utviklingsavdelinga:

- Jordlova (konesjonssaker, deling)
- Delingslova § 5.2 (kart- og delingsforretning, grensepåvisning, punkt feste, målebrev, mellombels forretning, seksjonering m v)
- Plan- og bygningslova (byggemelding, meldingssaker, lokal godkjenning av føretak, planhandsaming, dispensasjonssaker mv)
- Forureiningslova (mindre avlaupsanlegg)
- Fallvilt
- Eigedomsmeklarlova (innhenting av opplysningar)
- Landbruksavløysar
- Bustadtomter i kommunale felt
- Kommunale industri og forretningstomter

I budsjettrundskrivet er det føreslege at satsane skal aukast med 3.5 %.

Ved rekneskapsårets slutt vert det gjort ei sjølvkostanalyse av betalingssatsane etter delingslova og etter plan- og bygningslova. Sjølvkostnanalyse for 2006 synte at betalingssatsane ikkje dekte Ål kommune sine reelle utgifter med tenestene. Kommunane kan i følgje reglane for sjølvkost justere sine betalingssatsar slik at brukarbetalinga dekkjer 100% av kostnadane. Viss kommunen eit år får inn

meir i betalingssatsar enn dei reelle utgiftene ved tenesten utgjer, skal overskotet settast av til eit sjølvkostfond for å dekke eventuelt underskot eit anna år.

Viss kommunestyret ynskjer at me skal ligge så nær opp til sjølvkost som råd, må difor betalingssatsane særleg for plan- og bygningslova i dei fleste tilfelle aukast med meir enn 3.5 %. Vedlegg 1 syner Ål sine betalingssatsar samanlikna med dei andre Halligdalskommunane.

Forhold til overordna plan:

I samsvar med framlagt økonomiplan/årsbudsjett med unntak av nokre betalingssatsar som i dag ikkje dekkjer dei reelle utgiftene ved tenesten.

Helse-/miljø og beredskapsomsyn:

Ikkje vurdert

Økonomiske konsekvensar:

Innarbeidd i økonomiplan og årsbudsjett.

Vurdering:

Rådmannen har samanlikna betalingssatsane med dei andre Hallingdalskommunane og ser at Ål ligg under dei andre kommunane i mange høve. Rådmannen tilrår difor at satsane for plan- og bygningslov vert auka med meir enn med 3.5% i dei fleste tilfelle for å koma nærmare opp mot sjølvkost. Som det går fram av samanlikninga er det og tilfelle der rådmannen tilrår ei nedjustering av stasane for at dei skal vera betre tilpassa dei andre Hallingdalskommunane. Rådmannen meiner ikkje det er rett at alle innbyggjarane i Ål skal vera med å subsidiere t.d handsaming av private reguleringsplanar, men meiner at utbyggjarane må dekke dei reelle kostnadane.

Ål kommune har i dag problem med å få målt inn bygg og med å få levert inn regulerings- og bebyggelsesplankart på eit format som me kan nytte i våre kartprogram. Dette er sers viktig for at kartdataene skal vera så oppdaterte som mogleg. Rådmannen ynskjer difor følgjande tillegg i betalingssatsane etter plan- og bygningslova:

- presisering av at tiltakshavar er ansvarleg for at det vert levert inn måledata for alle byggemeldte og meldingspliktige bygg og at det vert kravd inn eit ekstragebyr viss måledata manglar (nytt pkt 5g)
- planfremjar er ansvarleg for at kartdata vert levert i rett format og at det vert kravd inn eit ekstragebyr viss retting/konvertering av innsendte plankartdata er naudsynt (tillegg i pkt 12e)

Det er for tungvint at sektorutvalet må godkjenne evt bruk av timesats i kvart tilfelle og rådmannen ynskjer at dette vert delegert til administrasjonen å avgjera (under jordlova og i pkt 4e og pkt 6 under betalingssatsar etter plan- og bygningslova)

Ål kommune manglar betalingssatsar for handsaming av torvuttak og nydyrking (etter jordlova) og ulovleg byggearbeid, mellombels bruksløyve, kart og eigedomsoppgåver og for handsaming av konseskvensutgreiing etter plan- og bygningslova.

Når det gjeld prisar på kommunale næringsstomter, gjeld prisane berre eksisterande felt. Kommunestyret må koma attende til prisar på næringsstomter i nye felt seinast i budsjett for 2009.

Rådmannen si innstilling:

1. Ål kommunestyre vedteke å auke desse betalingssatsane med 3.5 % for 2008:

Jordlova (konsesjonssaker)

Delingslova § 5.2 (kart- og delingsforretning, grensepåvisning, punkt feste, målebrev, mellombels forretning, seksjonering m v)

Fallvilt

Forureiningslova (mindre avlaupsanlegg)

Eigedomsmeklarlova (innhenting av opplysningar)

Landbruksavløysar

Bustadtomter i kommunale felt

Kommunale industri- og forretningstomter

2. Ål kommunestyre vedtek å justere desse betalingssatsane med anna presentsats for 2008:

Plan- og bygningslova (byggemelding, meldingssaker, lokal godkjenning av føretak, planhandsaming, dispensasjonssaker mv) slik det går fram av vedlegg 1.

Jordlova:

Deling etter jordlova auke frå kr1140 til kr 1710.

3. Ål kommunestyre vedtek følgjande endringar i ordlyden under betalingssatsar etter plan- og bygningslova §109:

Pkt 5g)

Felles for alle byggemeldte og meldingspliktige bygg:

Viss det ikkje vert sendt inn måledata for endeleg plassering av bygget saman med ferdigmelding, må tiltakshavar koste slik innmåling etter rekning.

Pkt 5e og pkt 6

Setninga "Sektorutvalet skal godkjenne evt. bruk av timesatsen i den ein skilde sak" går ut slik at det vert delegert til administrasjonen å vurdere når betaling skal krevjast etter medgått tid.

Pkt. 11 Særlege kontrollar og undersøkingar

Timesatsen vert rekna til kr 600.

Pkt 12 e)

I tillegg til gebyr over vert det irekna eit tilleggsgebyr dersom planen og/eller føresegnene planframlegg, ikkje er levert i eit slikt digitalt format som det er spesifisert at kommunen ynskjer i oppstartmøtet, må planfremjar betale ekstrakostnaden ved naudsynt retting/konvertering av kartdataene.

4. Ål kommestyre vedtek følgjande nye betalingssatsar etter

plan- og bygningslova:

Nytt pkt 5h

Mellombels bruksløyve kr 750.

Purregebyr for ferdigattest på bakgrunn av mellombels bruksløyve kr 750.

Nytt pkt 15. Ulovleg byggearbeid

vert fakturert etter medgått tid med minimumsbeløp kr 6 500 og maksimumsbeløp kr 17 000. Pris pr time kr 600.

Følgjande framlegg frå Knut Haug (H) vart samrøystes tilrådd:
Ål kommune tek ikkje gebyr for handsaming av søknad om nydyrking.

Resten av rådmannens framlegg vart samrøystes vedteke.

STNR si innstilling:

1. Ål kommunestyre vedteke å auke desse betalingssatsane med 3.5 % for 2008:

Jordlova (konsesjonssaker)

Delingslova § 5.2 (kart- og delingsforretning, grensepåvisning, punkt feste, målebrev, mellombels forretning, seksjonering m v)

Fallvilt

Forureiningslova (mindre avlaupsanlegg)

Eigedomsmeklarlova (innhenting av opplysningar)

Landbruksavløysar

Bustadtomter i kommunale felt

Kommunale industri- og forretningstomter

2. Ål kommunestyre vedtek å justere desse betalingssatsane med anna prosent sats for 2008:

Plan- og bygningslova (byggemelding, meldingssaker, lokal godkjenning av føretak, planhandsaming, dispensasjonssaker mv) slik det går fram av vedlegg 1.

Jordlova:

Deling etter jordlova auke frå kr1140 til kr 1710.

3. Ål kommunestyre vedtek følgjande endringar i ordlyden under betalingssatsar etter plan- og bygningslova §109:

Pkt 5g)

Felles for alle byggemeldte og meldingspliktige bygg:

Viss det ikkje vert sendt inn måledata for endeleg plassering av bygget saman med ferdigmelding, må tiltakshavar koste slik innmåling etter rekning.

Pkt 5e og pkt 6

Setninga ”Sektorutvalet skal godkjenne evt. bruk av timesatsen i den ein skilde sak” går ut slik at det vert delegert til administrasjonen å vurdere når betaling skal krevjast etter medgått tid.

Pkt. 11 Særlege kontrollar og undersøkingar

Timesatsen vert rekna til kr 600.

Pkt 12 e)

I tillegg til gebyr over vert det irekna eit tilleggsgebyr dersom planen og/eller føresegnene planframlegg, ikkje er levert i eit slikt digitalt format som det er spesifisert at kommunen ynskjer i oppstartmøtet, må planfremjar betale ekstrakostnaden ved naudsynt retting/konvertering av kartdataene.

4. Ål kommestyre vedtek følgjande nye betalingssatsar etter plan- og bygningslova:

Nytt pkt 5h

Mellombels bruksløyve kr 750.

Ål kommune

Saksutgreiing

Saksnr.: 91/07
Arkivsaksnr: 07/1727
Arkivkode: 231 F21

Sakshandsamar: Karsten Dideriksen

Saksnummer	Utval	Møtedato
29/07	Sektorutval for helse- og sosial	20.11.2007
122/07	Formannskapet	26.11.2007
91/07	Kommunestyret	20.12.2007

BETALINGSSATSAR FOR ABONNEMENTSORDNING 2008

Saka vert avgjort av:
 Kommunestyret.

Vedlegg:
 Ingen.

Dokument i saka:
 Ingen.

Saksopplysningar:

I F-sak 8/07 vart betalingssatsane for abonnementsordninga 2007 for heimehjelp / praktisk bistand / buveiledning og heimevaktmeistertjenester redusert.

Ordninga slik den er pr i dag:

Betalingssatsar for abonnementsordning

K-sak 0085/05

Jf Forskrift om vederlag for sosiale tenester, heimesjukepleie og for opphald i institusjon (endring av 06.01.96)

1. Abonnementsordninga omfattar heimehjelp / praktisk bistand / buveiledning og heimevaktmeistertjenester.
 Heimesjukepleie er gratis.

2. Abonnementsordninga blir gradert etter siste "pårekna inntekt" slik:

Allmenn inntekt for husstanden:

Abonnementspris:

<i>Inntil 2 G</i>	<i>(0 - 133 624)</i>	<i>Kr 150,- pr mnd</i>
<i>2 - 3 G</i>	<i>(133 625 - 200 436)</i>	<i>Kr 510,- pr mnd</i>
<i>3 - 4 G</i>	<i>(200 437 - 267 248)</i>	<i>Kr 865,- pr mnd</i>
<i>4 - 5 G</i>	<i>(267 249 - 334 060)</i>	<i>Kr 1 270,- pr mnd</i>
<i>Over 5 G</i>	<i>(334 061 - 400 872)</i>	<i>Kr 1 650,- pr mnd</i>

Betalinga gjeld f.o.m. den 1. t.o.m. den siste i kvar måned.
Frå 1.5.2007 er grunnbeløpet (G) sett til 66 812 kroner.

3. Timepris er kr 150,- for heimehjelp / praktisk bistand / buveiledning eller heimevaktmeistertenester dersom abonnementsprisen overstig sjølvkost for mottatte tenester pr måned.
4. De kan søkje om fritak for betaling for ovannemnde tenester eller om redusert eigenbetaling. Det blir brukt same kriterium som ved tildeling av sosialhjelp, og helse- og sosialsjef har fullmakt til å fråkrevje krav om eigenbetaling eller endre betalingsattsar.

Prisen på kr 150,- for lågaste inntekt er fastsett av staten, medan dei andre satsane blir fastsette av kvar einskild kommune.

Forhold til overordna plan:

Ingen.

Helse-/miljø og beredskapsomsyn:

Ingen.

Økonomiske konsekvensar:

Hovudparten av brukarane som betalar abonnementsatts er minstepensjonistar. Prisen på kr 150,- for lågaste inntekt er fastsett av staten, medan dei andre satsane blir fastsette av kvar einskild kommune. Den økonomiske konsekvensen for Ål kommune ved ikkje å auke satsane i 2008 ligg på under 10 000 kroner.

Vurdering:

Ål kommune har framleis høg brukarbetaling for desse tenestene samanlikna med både hallingdalskommunane og mange andre kommunar i landet. Det er difor ønskeleg at satsane ikkje blir auka for 2008, men blir ståande uendra frå 2007.

Rådmannen si innstilling:

Ål kommunestyre vedtek følgjande betalingsattsar for abonnementsordning for 2008:

Allmenn inntekt for husstanden:	Abonnementspris:
Inntil 2 G (0 - 133 624)	Kr 150,- pr mnd
2 - 3 G (133 625 - 200 436)	Kr 510,- pr mnd
3 - 4 G (200 437 - 267 248)	Kr 865,- pr mnd
4 - 5 G (267 249 - 334 060)	Kr 1 270,- pr mnd
Over 5 G (334 061 - 400 872)	Kr 1 650,- pr mnd

Betalinga gjeld f.o.m. den 1. t.o.m. den siste i kvar måned.
Frå 1.5.2007 er grunnbeløpet (G) sett til 66 812 kroner.

Helse- og sosialsektoren, 05.11.2007

Trond Kleppen
rådmann

Karsten Dideriksen
helse- og sosialsjef

Sektorutval for helse- og sosial handsama saka den 20.11.2007, saksnr. 29/07

Handsaming:

Rådmannen si innstilling vart samrøystes tilrådd.

.

Formannskapet handsama saka den 26.11.2007, saksnr. 122/07

Handsaming:

Rådmannen og SHS si innstilling vart samrøystes tilrådd

Ål kommune

Saksutgreiing

Saksnr.: 92/07
Arkivsaksnr: 07/1741
Arkivkode: 231

Sakshandsamar: Harald Varlid

Saksnummer	Utval	Møtedato
99/07	Sektorutval for teknisk, næring og ressurs	20.11.2007
125/07	Formannskapet	26.11.2007
92/07	Kommunestyret	20.12.2007

GEBYR FOR KLOAKK 2008

Saka vert avgjort av:
Kommunestyret

Vedlegg:

- 1.Budsjett 08 selvkost prognose (Momentum Consulting a/s)
- 2.Kort innføring i selvkost i.fbm. budsjett 2008 i Ål kommune
- 3.Innføring av abonnementsgebyr

Dokument i saka:

Retningslinjer for berkning av sjølvkost

Saksopplysningar:

Gebyret for vatn og kloakk skal frå 08 bereknast på nye måtar, det skal vere eit fastledd (abonnementsgebyr), og minstegebyret fell bort. Sjå vedlegg 3.

Forhold til overordna plan:

I samsvar med budsjett.

Helse-/miljø og beredskapsomsyn:

Ingen kjente

Økonomiske konsekvensar:

Inntekt på kr.6.711.000,-. Sjølkostfond pr. 31.12.2007 kr. 722.159,-

Vurdering:

Den nye måten å berekne gebyret på, inneber ei usikkerheit i inntektene, men rådmannen meiner at dei vurderingar og berekningar som ligg til grunn for satsane er dei beste vi saman med vår konsulent kan klare. I dei bueingar som ikkje har vassmålar vert det stipulert eit forbruk etter størelsen på bueinga. Hytter får eit stipulert forbruk og fastledd uavhengig av storleik. Bedrifter og bueingar som har vassmålar og skal betale abonnementsgebyr (fastledd) etter brukt vassmengde føregående år, inndelt i til saman 10 klassar, og etter forbruk pr M³ vedkommande år.

Dette gir følgende satsar:

Målt og stipulert forbruk kr: 14,82 pr M³

Stipulert forbruk:

Hytte fastledd kr.3.246,-	stipulert 45 m ³ kr: 667,-	totalt kr: 3.913,-
Bueining inntil 35m ² fastledd kr: 764,-	stipulert 45m ³ kr: 667,-	"""""" kr: 1.430,-
Bueining 35 til 80 m ² fastledd kr:1337,-	stipulert 80m ³ kr.1.446,-	"""""" kr: 2.522,-
Bueining over 80m ² fastledd kr: 1909,-	stipulert 150m ³ kr:2.712,-	"""""" kr: 4.132,-

Etter målt forbruk pr eining:

Fastledd hytter kr: 3.246,- for bruk kr. 14,82 pr M³

Bedrifter og bueiningar etter mål forbruk

Fastledd klasse 1	0-80 m ³	kr. 1.337,-	for bruk kr. 14,82 pr M ³
Fastledd klasse 2	81-150m ³	kr: 1.909,-	for bruk kr. 14,82 pr M ³
Fastledd klasse 3	151-300m ³	kr: 3.819,-	for bruk kr. 14,82 pr M ³
Fastledd klasse 4	301-500m ³	kr: 5.728,-	for bruk kr. 14,82 pr M ³
Fastledd klasse 5	501-1000 m ³	kr. 9.547,-	for bruk kr. 14,82 pr M ³
Fastledd klasse 6	1001-2000m ³	kr. 15.275,-	for bruk kr. 14,82 pr M ³
Fastledd klasse 7	2001-3000m ³	kr: 22.912,-	for bruk kr. 14,82 pr M ³
Fastledd klasse 8	3001-5000m ³	kr. 38.187,-	for bruk kr. 14,82 pr M ³
Fastledd klasse 9	5001-8000m ³	kr: 57.280,-	for bruk kr. 14,82 pr M ³
Fastledd klasse10	8001-11000m ³	kr: 95.466,-	for bruk kr. 14,82 pr M ³

Rådmannen si innstilling:

I samsvar med lov om vass-og kloakkavgifter av 31. mai 1974 nr. 17 med endringar og forskrifter sist av 1.juni 2004 nr. 931 vedtek Ål kommunestyre slike kloakkgebyr for 2008:

Målt og stipulert forbruk kr: 14,82 pr M³

Stipulert forbruk:

Hytte fastledd kr.3.246,-	stipulert 45 m ³ kr: 667,-	totalt kr: 3.913,-
Bueining inntil 35m ² fastledd kr: 764,-	stipulert 45m ³ kr: 667,-	"""""" kr: 1.430,-
Bueining 35 til 80 m ² fastledd kr:1337,-	stipulert 80m ³ kr.1.446,-	"""""" kr: 2.522,-
Bueining over 80m ² fastledd kr: 1909,-	stipulert 150m ³ kr:2.712,-	"""""" kr: 4.132,-

Arealberekning etter bruttoareal (BTA) i samsvar med NS 3940

Etter målt forbruk pr eining:

Fastledd hytter kr: 3.246,- for bruk kr. 14,82 pr M³

Bedrifter og bueiningar etter mål forbruk

Fastledd klasse 1	0-80 m ³	kr. 1.337,-	for bruk kr. 14,82 pr M ³
Fastledd klasse 2	81-150m ³	kr: 1.909,-	for bruk kr. 14,82 pr M ³
Fastledd klasse 3	151-300m ³	kr: 3.819,-	for bruk kr. 14,82 pr M ³
Fastledd klasse 4	301-500m ³	kr: 5.728,-	for bruk kr. 14,82 pr M ³
Fastledd klasse 5	501-1000 m ³	kr. 9.547,-	for bruk kr. 14,82 pr M ³
Fastledd klasse 6	1001-2000m ³	kr. 15.275,-	for bruk kr. 14,82 pr M ³
Fastledd klasse 7	2001-3000m ³	kr: 22.912,-	for bruk kr. 14,82 pr M ³

Fastledd klasse 8	3001-5000m ³	kr. 38.187,-	for bruk kr. 14,82 pr M ³
Fastledd klasse 9	5001-8000m ³	kr: 57.280,-	for bruk kr. 14,82 pr M ³
Fastledd klasse 10	8001-11000m ³	kr: 95.466,-	for bruk kr. 14,82 pr M ³

Tilkoplingsgebyr skal vere uendra frå 07 med slike satsar som vart vedteke i ksak 06/1502

Drift- og vedlikehaldsavdelinga, 09.11.2007

Trond Kleppen
Rådmann

Kjell kløve
Teknisk sjef

Sektorutval for teknisk, næring og ressurs handsama saka den 20.11.2007, saksnr. 99/07

Handsaming:

Følgjande framlegg frå Knut Haug (H) fekk 2 røyster (1H, 1SP):

Saka vert sendt attende til administrasjonen. STNR ber om å få ei klarare saksframstilling for fastsetjing av fastledda for dei ulike brukargruppene.

Fleirtalet på 5 (2V, 1 KrF, 1 SP og 1 AP) gjekk inn for å handsame saka i dag.

- - -

Rådmannens framlegg til vedtak vart samrøystes tiltrådd med følgjande tillegg:

STNR ber om at administrasjonen utgreier saka betre både skriftleg og munnleg før formannskapet handsamer saka.

Vedtak:

STNR ber om at administrasjonen utgreier saka betre både skriftleg og munnleg før formannskapet handsamer saka.

STNR si innstilling:

I samsvar med lov om vass-og kloakkavgifter av 31. mai 1974 nr. 17 med endringar og forskrifter sist av 1.juni 2004 nr. 931 vedtek Ål kommunestyre slike kloakkgebyr for 2008:

Målt og stipulert forbruk kr: 14;82 pr M³

Stipulert forbruk:

Hytte fastledd kr.3.246,- stipulert 45 m ³ kr: 667,-	totalt kr: 3913,-
Bueining intil 35m ² fastledd kr: 764,- stipulert 45m ³ kr: 667	” kr: 1430,-
Bueining 35 til 80 m ² fastledd kr:1337,- stipulert 80m ³ kr.1446,-	”” kr: 2522,-
Bueining over 80m ² fastledd kr: 1909,- stipulert 150m ³ kr:2712,-	”””” kr: 4132,-

Etter målt forbruk pr eining:

Fastledd etter forgje år forbruk

Hytter	fastled	kr: 3.246,-	for bruk kr. 14,82 pr M ³
0-45 m ³	fastledd	kr: 764,-	for bruk kr. 14,82 pr M ³
45-80 m ³	""""""	kr. 1.337,-	for bruk kr. 14,82 pr M ³
81-150m ³	""""""	kr: 1.909,-	for bruk kr. 14,82 pr M ³
151-300m ³	""""""	kr: 3.819,-	for bruk kr. 14,82 pr M ³
301-500m ³	""""	kr: 5.728,-	for bruk kr. 14,82 pr M ³
501-1000m ³	fastled	kr: 9.547,-	for bruk kr. 14,82 pr M ³
1001-2000m ³	""""""	kr. 15.275,-	for bruk kr. 14,82 pr M ³
2001-3000m ³	""""	kr: 22.912,-	for bruk kr. 14,82 pr M ³
3001-5000m ³	""""	kr. 38.187,-	for bruk kr. 14,82 pr M ³
5001-8000m ³	""""	kr: 57.280,-	for bruk kr. 14,82 pr M ³
8001 11000m ³	""""	kr: 95.466,-	for bruk kr. 14,82 pr M ³

Formannskapet handsama saka den 26.11.2007, saksnr. 125/07

Handsaming:

Rådmannen og STNR si innstilling vart samrøystes tilrådd

Ål kommune

Saksutgreiing

Saksnr.: 93/07
Arkivsaksnr: 07/1742
Arkivkode: 231

Sakshandsamar: Harald Varlid

Saksnummer	Utval	Møtedato
100/07	Sektorutval for teknisk, næring og ressurs	20.11.2007
124/07	Formannskapet	26.11.2007
93/07	Kommunestyret	20.12.2007

GEBYR FOR VATN 2008

Saka vert avgjort av:
Kommunestyre.

Vedlegg:

1. Budsjett 08 sjølkost prognose.
2. Kort innføring i sjølkostn i fbm. Budsjett 2008 i Ål kommune.
3. Innføring av abonnementsgebyr.

Dokument i saka:

Som for sak 07/1741, Ksak -99/07

Saksopplysningar:

Gbyret for vatn og kloakk skal frå 2008 bereknast på nye måtar, det skal være eit fastledd (abonnementsgebyr), og minstegebyret fell bort. Sjå vedlegg 3.

Forhold til overordna plan:

I samsvar med budsjett.

Helse-/miljø og beredskapsomsyn:

Ingen kjente.

Økonomiske konsekvensar:

Gebyr inntekter på kr: 4.336.000,- . Sjølkostfond pr. 31.12.2007 kr. 532.158,-.

Vurdering:

Dette gir følgjande satsar:

Målt og stipulert forbruk kr: 11,52 pr M³*Stipulert forbruk:*

Hytte fastledd kr.2.871,-	stipulert 45 m ³ kr: 518,-	totalt kr: 3.389,-
Bueining inntil 35m ² fastledd kr: 675,-	stipulert 45m ³ kr: 518,-	” kr: 1.194,-
Bueining 35 til 80 m ² fastledd kr:1.182,-	stipulert 80m ³ kr.922,-	”” kr: 2.104,-
Bueining over 80m ² fastledd kr: 1.689,-	stipulert 150m ³ kr:1.728,-	”””” kr: 3.417,-

Bedrifter og bueiningar etter målt forbruk pr eining:

Fastledd hytter	kr: 2.871,-	for bruk kr. 11,52 pr M ³
Fastledd for sprinkelanlegg	kr: 1.689,-	bruk er gratis
Fastledd klasse 1 0-80 m ³	kr. 1.182,-	for bruk kr. 11,52 pr M ³
Fastledd klasse 2 80-150m ³	kr: 1.689,-	for bruk kr. 11,52 pr M ³
Fastledd klasse 3 151-300m ³	kr: 3.377,-	for bruk kr. 11,52 pr M ³
Fastledd klasse 4 301-500m ³	kr: 5.066,-	for bruk kr. 11,52 pr M ³
Fastledd klasse 5 501-1000m ³	kr: 8.443,-	for bruk kr. 11,52 pr M ³
Fastledd klasse 6 1001-2000m ³	kr. 13.509,-	for bruk kr. 11,52 pr M ³
Fastledd klasse 7 2001-3000m ³	kr: 20.263,-	for bruk kr. 11,52 pr M ³
Fastledd klasse 8 3001-5000m ³	kr 33.772,-	for bruk kr. 11,52 pr M ³
Fastledd klasse 9 5001-8000m ³	kr: 50.658,-	for bruk kr. 11,52 pr M ³
Fastledd klasse 10 8001-11000m ³	kr: 84.431,-	for bruk kr. 11,52 pr M ³

Rådmannen si innstilling:

I samsvar med lov om vass-og kloakkavgifter av 31. mai 1974 nr. 17 med endringar og forskrifter sist av 1.juni 2004 nr. 931 vedtek Ål kommunestyre slike vassgebyr for 2008:

Målt og stipulert forbruk kr: 11,52 pr M³*Stipulert forbruk:*

Hytte fastledd kr.2.871,-	stipulert 45 m ³ kr: 518,-	totalt kr: 3.389,-
Bueining inntil 35m ² fastledd kr: 675,-	stipulert 45m ³ kr: 518,-	” kr: 1.194,-
Bueining 35 til 80 m ² fastledd kr:1.182,-	stipulert 80m ³ kr.922,-	”” kr: 2.104,-
Bueining over 80m ² fastledd kr: 1.689,-	stipulert 150m ³ kr:1.728,-	”””” kr: 3.417,-

Arealberekning etter bruttoareal (BTA) i samsvar med NS3940

Bedrifter og bueiningar etter målt forbruk pr eining:

Fastledd hytter	kr: 2.871,-	for bruk kr. 11,52 pr M ³
Fastledd for sprinkelanlegg	kr: 1.689,-	bruk er gratis
Fastledd klasse 1 0-80 m ³	kr. 1.182,-	for bruk kr. 11,52 pr M ³
Fastledd klasse 2 80-150m ³	kr: 1.689,-	for bruk kr. 11,52 pr M ³
Fastledd klasse 3 151-300m ³	kr: 3.377,-	for bruk kr. 11,52 pr M ³
Fastledd klasse 4 301-500m ³	kr: 5.066,-	for bruk kr. 11,52 pr M ³
Fastledd klasse 5 501-1000m ³	kr: 8.443,-	for bruk kr. 11,52 pr M ³
Fastledd klasse 6 1001-2000m ³	kr. 13.509,-	for bruk kr. 11,52 pr M ³

Fastledd klasse 7 2001-3000m ³	kr: 20.263,-	for bruk kr. 11,52 pr M ³
Fastledd klasse 8 3001-5000m ³	kr. 33.772,-	for bruk kr. 11,52 pr M ³
Fastledd klasse 9 5001-8000m ³	kr: 50.658,-	for bruk kr. 11,52 pr M ³
Fastledd klasse 10 8001-11000m ³	kr: 84.431,-	for bruk kr. 11,52 pr M ³

Tilkoplingsgebyr vert uendra og får satsar og reglar som vedteke i Ksak 76/06.

Drift- og vedlikehaldsavdelinga, 09.11.2007

Trond Kleppen
Rådmann

Kjell Kløve
Teknisk sjef

Sektorutval for teknisk, næring og ressurs handsama saka den 20.11.2007, saksnr. 100/07

Handsaming:

Følgjande framlegg frå Knut Haug (H) fekk 2 røyster (1H, 1SP):

Saka vert sendt attende til administrasjonen. STNR ber om å få ei klarare saksframstilling for fastsetjing av fastledda for dei ulike brukargruppene.

Fleirtalet på 5 (2V, 1 KrF, 1 SP og 1 AP) gjekk inn for å handsame saka i dag.

- - -

Rådmannens framlegg til vedtak vart samrøystes tiltrådd med følgjande tillegg:

STNR ber om at administrasjonen utgreier saka betre både skriftleg og munnleg før formannskapet handsamer saka.

Vedtak:

STNR ber om at administrasjonen utgreier saka betre både skriftleg og munnleg før formannskapet handsamer saka.

STNR si innstilling:

I samsvar med lov om vass-og kloakkavgifter av 31. mai 1974 nr. 17 med endringar og forskrifter sist av 1.juni 2004 nr. 931 vedtek Ål kommunestyre slike vassgebyr for 2008:

Målt og stipulert forbruk kr: 11,52 pr M³

Stipulert forbruk:

Hytte fastledd kr.2.871,- stipulert 45 m ³ kr: 518,-	totalt kr: 3.389,-
Bueining intil 35m ² fastledd kr: 675,- stipulert 45m ³ kr: 518,-	” kr: 1.194,-
Bueining 35 til 80 m ² fastledd kr:1.182,- stipulert 80m ³ kr.922,-	”” kr: 2.104,-
Bueining over 80m ² fastledd kr: 1.689,- stipulert 150m ³ kr:1.728,-	”””” kr: 3.417,-

Etter målt forbruk pr eining:

Fastledd etter forgje år forbruk

Hytter	fastled	kr: 3.389,-	for bruk kr. 11,52 pr M ³
Tillegg for sprinkelanlegg	fast pr. år	kr: 1.689,-	
0-45 m ³	fastledd	kr: 675,-	for bruk kr. 11,52 pr M ³
45-80 m ³	*****	kr: 1.182,-	for bruk kr. 11,52 pr M ³
81-150m ³	*****	kr: 1.689,-	for bruk kr. 11,52 pr M ³
151-300m ³	*****	kr: 3.377,-	for bruk kr. 11,52 pr M ³
301-500m ³	*****	kr: 5.066,-	for bruk kr. 11,52 pr M ³
501-1000m ³	fastled	kr: 8.443,-	for bruk kr. 11,52 pr M ³
1001-2000m ³	*****	kr: 13.509,-	for bruk kr. 11,52 pr M ³
2001-3000m ³	*****	kr: 20.263,-	for bruk kr. 11,52 pr M ³
3001-5000m ³	*****	kr: 33.772,-	for bruk kr. 11,52 pr M ³
5001-8000m ³	*****	kr: 50.658,-	for bruk kr. 11,52 pr M ³
8001 11000m ³	*****	kr: 84.431,-	for bruk kr. 11,52 pr M ³

Formannskapet handsama saka den 26.11.2007, saksnr. 124/07

Handsaming:

Rådmannen og STNR si innstilling vart samrøystes tilrådd.

Ål kommune

Saksutgreiing

Saksnr.: 94/07
Arkivsaksnr: 07/1743
Arkivkode: 231

Sakshandsamar: Harald Varlid

Saksnummer	Utval	Møtedato
101/07	Sektorutval for teknisk, næring og ressurs	20.11.2007
126/07	Formannskapet	26.11.2007
94/07	Kommunestyret	20.12.2007

GEBYR FOR RENOVASJON 2008

Saka vert avgjort av:
Kommunestyret.

Vedlegg:
Prognose for vann, avløp, renovasjon og slam for 2008

Dokument i saka:
Ingen.

Saksopplysningar:
Hallingdal renovasjon har utført sjølvkostberekningar for år 05 og 06. dette gir ei attendebetaling til Ål kommune på ca. 1,1 mil. Dette gjer at vi kan halde gebyra uendra frå 07.

Forhold til overordna plan:
I samsvar med budsjett

Helse-/miljø og beredskapsomsyn:
Ingen kjente.

Økonomiske konsekvensar:
Gebyr inntekta 2007 er kr 4.143.000,- Sjølvkostfond pr.31.12.2007 kr. 1.989.265,-.

Vurdering:
Sjølvkost fondet vil etter årsoppgjør 2007 være på ca. 2 mil. Dette skal attende først til abonnentane innan fire år. Gebyra for abonnentane i Ål kommune vil vere uendra i fleire år frametter.

Rådmannen si innstilling:

Med heimel i forureiningslova vedtek Ål kommunestyre å halde uendra gebyrsatsar for renovasjon frå 07 til 08, slik dei framgår av gebyrendringssak Ksak 15/07 av 15. februar 07.

Drift- og vedlikehaldsavdelinga, 09.11.2007

Trond Kleppen
Rådmann

Kjell Kløve
Teknisk sjef

Sektorutval for teknisk, næring og ressurs handsama saka den 20.11.2007, saksnr. 101/07

Handsaming:

Følgjande omforeinte framlegg vart samrøystes vedteke:

STNR finn å ikkje kunne handsame saka då saksutgreiinga er misvisande/mangelfull og oppmodar administrasjonen til å greie saka betre ut før formannskapet handsamer saka. STNR viser til kommunestyrevedtak i sak 15/07.

Vedtak:

STNR finn å ikkje kunne handsame saka då saksutgreiinga er misvisande/mangelfull og oppmodar administrasjonen til å greie saka betre ut før formannskapet handsamer saka. STNR viser til kommunestyrevedtak i sak 15/07.

Formannskapet handsama saka den 26.11.2007, saksnr. 126/07

Handsaming:

Ordførar fremma forslag om at administrasjonen kan greie ut ei ordning med innsamling av mjølkekartongar, og Ivar Brevik fremma forslag om at det blir etablert eit alternativ til miljøstasjon for innsamling av spesialavfall. Rådmannen si innstilling med endringsforslag frå Dalseide og Brevik vart samrøystes tilrådd.

Formannskapet si innstilling:

1. I medhald av forureinings lova vedtek Ål kommunestyre å halde uendra gebyrsatsar for renovasjon frå 07 til 08, slik dei framgår av gebyrendringssak Ksak 15/07 av 15. februar 07.
2. Administrasjonen vert beden om å greie ut ei ordning med innsamling av mjølkekartongar, og at det blir etablert eit alternativ til miljøstasjon for innsamling av spesialavfall.

Ål kommune

Saksutgreiing

Saksnr.: 95/07
Arkivsaksnr: 07/1758
Arkivkode: 231 M88

Sakshandsamar: Kjell Kløve

Saksnummer	Utval	Møtedato
98/07	Sektorutval for teknisk, næring og ressurs	20.11.2007
128/07	Formannskapet	26.11.2007
95/07	Kommunestyret	20.12.2007

GEBYR FOR FEIING OG TILSYN 2008.

Saka vert avgjort av:

Ål kommunestyre

Vedlegg:

Møtebok frå styret i Hallingdal Brann og Redningsteneste IKS av 16.10.07.

Dokument i saka:

Møtebok frå styret i Hallingdal Brann og Redningsteneste IKS av 16.10.07.

Saksopplysningar:

All feiing og tilsyn av piper og ildstader i Ål kommune vert ivareteke av Hallingdal Brann og Redningsteneste IKS.

Brannsjefen har gjort ei utgreiing av dei faktiske kostnadene med ordninga i vedlagte møtebok. For å få til sjølffinansiering på tenesta vert det foreslått å auke gebyra med 7,8-9-5%.

Forhold til overordna plan:

Ingen

Helse-/miljø og beredskapsomsyn:

Tenesta er pålagt gjennom sentrale lover/forskrifter, og er eit førebyggjande tiltak mot brann og bygningsskader.

Økonomiske konsekvensar:

Ingen for Ål kommune sitt budsjett.

Huseigarar får påslag i gebyra.

Vurdering:

Rådmannen ser ingen grunn til å overprøve brannsjefen sine berekningar for sjølffinansiering av feie- og tilsynstenesta.

Gebyr for feiing/tilsyn vert å sjå på som forskrift og må difor vedtakast av kommunestyret i den enkelte kommune som er tilslutta felles brannvesen.

Gebyrauken er større enn det som generelt er lagt til grunn i det kommunale budsjettet, men prinsippet om sjølffinansiering må ha gjennomslag også i denne tenesta.

Elles viser rådmannen til utgreiinga i vedlagte møtebok, og er samd med brannsjefen og styret i HBR si innstilling.

Rådmannen si innstilling:

Ål kommunestyre godkjenner at satsane for feiing og tilsyn vert auka med 7,8-9,5% slik at tenesta vert sjølffinansierande.

Satsane for 2008 vert då som følger:

a. Fast gebyr (tilsyn):	kr. 138,- pr. bustadhus	7,8%
b. Feiesats	kr. 221,- pr. pipe	8,9%
c. For pipe nr 2,3...	kr. 110,- pr. pipe	8,9%
d. Timesats	kr. 300,- pr påbegynt time	9,5%

Drift- og vedlikehaldsavdelinga, 08.11.2007

Trond Kleppen
Rådmann

Kjell Kløve
Teknisk sjef

Sektorutval for teknisk, næring og ressurs handsama saka den 20.11.2007, saksnr. 98/07

Handsaming:

Rådmannens framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd.

Formannskapet handsama saka den 26.11.2007, saksnr. 128/07

Handsaming:

Rådmannen og STNR si innstilling vart samrøystes tilrådd

Ål kommune

Saksutgreiing

Saksnr.: 96/07
Arkivsaksnr: 07/1759
Arkivkode: 233

Sakshandsamar: Tore Skaalerud

Saksnummer	Utval	Møtedato
123/07	Formannskapet	26.11.2007
96/07	Kommunestyret	20.12.2007

HUSLEIGE KOMMUNALE BUSTADER 2008

Saka vert avgjort av:
Kommunestyret

Vedlegg:
Husleigesatsar for kommunale utleigebustader

Dokument i saka:
Same som vedlegg
Lov om husleige

Saksopplysningar:
I budsjettskrivet er det lagt opp til nominell prisauke på 2 %.
Når det gjeld auking av husleigesatsar for kommunale utleigebustader og omsorgsbustader, har kommunen ikkje lov til åauke husleiga med meir enn prisstigninga i konsumprisindeksen, jfr. husleigelova av 26.mars 1999 nr. 17, § 4-2.
Etter konsumprisindeksen så langt i år ligg det ikkje an til auke i det heile tatt.

Forhold til overordna plan:
Ingen

Helse-/miljø og beredskapsomsyn:
Ingen

Økonomiske konsekvensar:
Ingen

Vurdering:
Ål kommune har ikkje lov til å auke husleigesatsane med meir enn konsumprisindeksen, jfr. husleigelova. Førabels ligg det an til at denne indeksen vil bli uendra, men dette kan forandra seg de to siste månadene.

Rådmannen si innstilling:

Ål kommunestyre vedtek at husleigesatsane for 2008 blir justert i samsvar med konsumprisindeksen pr. 15. desember 2007.

Drift- og vedlikehaldsavdelinga, 08.11.2007

Trond Kleppen
Rådmann

Kjell Kløve
Teknisk sjef

Formannskapet handsama saka den 26.11.2007, saksnr. 123/07

Handsaming:

Rådmannen si innstilling vart samrøystes tilrådd

Ål kommune

Saksutgreiing

Saksnr.: 97/07
Arkivsaksnr: 07/1762
Arkivkode: 231

Sakshandsamar: Harald Varlid

Saksnummer	Utval	Møtedato
102/07	Sektorutval for teknisk, næring og ressurs	20.11.2007
127/07	Formannskapet	26.11.2007
97/07	Kommunestyret	20.12.2007

GEBYR FOR SLAMTØMING 2008

Saka vert avgjort av:
Kommunestyret

Vedlegg:
Prognose for vatn, avløp, renovasjon og slamtøming for 2008.

Dokument i saka:
Som vedlegg.

Saksopplysningar:
Denne tenesta har stor variasjon i utføring, inntil kvart fjerde år mellom tøminga.

Forhold til overordna plan:
I samsvar med budsjett.

Helse-/miljø og beredskapsomsyn:
Ingen kjente.

Økonomiske konsekvensar:
Tenista skal utførast etter sjølvkost.
Årsgebyr ca 900.000,-
Sjølvkostfond pr. 31.12.2007 kr. 24.868,-.

Vurdering:
Vi har ikkje klart å få sjølvkost programmet til å berekne eit jamt innkomande årsgebyr, og ei så ulik utbetaling for utført teneste. Det vert her ikkje endring i satsane for slamtøming, men dersom etterkalkylen for 2007 skulle vise store utslag, kan ein vedta nye satsar i februar.

Rådmannen si innstilling:

Med heimel i forureininglova vedtek Ål kommunestyre uendra gebyr, for slamtøming frå 2007 til 2008, slik dei ulike satsane framgår i K.sak 78/06.

Drift- og vedlikehaldsavdelinga, 09.11.2007

Trond Kleppen
Rådmann

Kjell Kløve
Teknisk sjef

Sektorutval for teknisk, næring og ressurs handsama saka den 20.11.2007, saksnr. 102/07

Handsaming:

Følgjande omforeinte framlegg vart samrøystes vedteke:

STNR finn å ikkje kunne handsame saka då saksutgreiinga er misvisande/mangelfull og oppmodar administrasjonen til å greie saka betre ut før formannskapet handsamer saka.

Vedtak:

STNR finn å ikkje kunne handsame saka då saksutgreiinga er misvisande/mangelfull og oppmodar administrasjonen til å greie saka betre ut før formannskapet handsamer saka.

Formannskapet handsama saka den 26.11.2007, saksnr. 127/07

Handsaming:

Rådmannen si innstilling vart samrøystes tilrådd med følgjande tillegg:

Dette fordi kommunen har nådd sjølvkost på området.

Formannskapet si innstilling:

I samsvar med forureiningslova vedtek Ål kommunestyre uendra gebyr for slamtøming frå 2007 til 2008, slik dei ulike satsane framgår i k.sak 78/06. Dette fordi kommunen har nådd sjølvkost på området.

Ål kommune

Saksutgreiing

Saksnr.: 98/07
Arkivsaksnr: 07/1915
Arkivkode: 202

Sakshandsamar: Morten Mastrup

Saksnummer	Utval	Møtedato
98/07	Kommunestyret	20.12.2007

BUDSJETTENDRINGAR 2007

Saka vert avgjort av:
Kommunestyret

Vedlegg:
Oversikt over budsjettendringar

Dokument i saka:
Ingen utover vedlegg og saksframlegg

Saksopplysningar:
I hovudsak gjeld denne saka formalitetar. Jf. Budsjettforskrifta (15.des 2000) og økonomireglementet (20.des 2007) skal bruk av fond vedtakast som budsjettendring av kommunestyret sjølv. Ifl. rekneskapsreglane kan ikkje midlar avsette for investeringsformål nyttast i drift. Overføring og klassifisering mellom drift og investering må altså skje i tråd med særskilde reglar. Gjennomgang av saker i 2007 med fondsbruk synar at nokre saker krev kommunestyrevedtak i tillegg til formannskapsvedtak. Dessutan krev nokre saker endring i klassifisering frå drift til investering eller motsatt. Bruk av trivselsfond og energifond låg ikkje inne i årsbudsjettet vedtatt av kommunestyret. Budsjett i desse fonda for 2007 og 2008 vert sett ut frå ein antatt bruk i 2007.

Forhold til overordna plan:
Endringane blir innarbeida i budsjett og økonomiplan

Helse-/miljø og beredskapsomsyn:
Ikkje relevant

Økonomiske konsekvensar:
Nokre interne rokkeringar på fondssaldo og omklassifisering av inntekt/utgift mellom driftsrekneskapan og investeringsrekneskapan. Ingen reelle auke eller reduksjon i fondsbruk utover dei summar som ligg i vedtaka frå formannskapet.

Vurdering:

Økonomiavdelinga har eit ansvar for at reglar, forskrifter og reglement i samband med budsjett og rekneskap blir gjennomført. Som ein lekk i internkontroll, førebuing til årsavsluttinga og framlegg av årsbudsjett bør desse endringane gjerast no.

Alle løyvingar og budsjettendringar må innehalde kronebeløp. For dei tre siste sakene er det gjort vedtak via årsrekneskapen eller andre saker, utan at det er formelt budsjettert.

Rådmannen si innstilling:

Kommunestyret godkjenner følgjande budsjettendringar for 2007 gjort i formannskapet og endringar i K-vedtak:

- F.sak 34/07 Kr 480.686,- tilbakeførast til kapitalfond
- F.sak 6/07 Tilleggslyyving til Ål Kyrkjelege Fellesråd kr 100.000 dekt frå reservefond
- F.sak 108/06 Aksjekjøp Torpomoen drift kr 90.000 dekt frå kapitalfond.
- F.sak 43/07 Renovering Doktor'n med kr 150.000 dekt frå Flyktningsfond.
- F.sak 36/07 Ettergitt renovasjonsrekning på kr 19.900 Dekt på sjølvkost
- F.sak 38/07 Trykking av bygdebok med tilleggslyyving på kr 600.000 dekt frå utbyggingsfond
- K.sak 51/06 Forskottering kunstgrasbane, kr 1786 000 kr attendeførast kapitalfondet
- K.sak 64/07 Energiltak blir budsjettert med 700.000 kr dekt frå Energiltaksfondet
- K.sak 31/05 Trivselstiltak blir budsjettert med 400.000 kr
- K.sak 330/7 Kostnad med tilsetting av ny rådmann 150.000 kr dekt frå reservefond

Administrasjon- og fellestenester, 04.12.2007

Trond Kleppen
Rådmann

Morten Mastrup
Økonomisjef

Ål kommune

Saksutgreiing

Saksnr.: 99/07
Arkivsaksnr: 07/1782
Arkivkode: S01

Sakshandsamar: Geir Tretterud

Saksnummer	Utval	Møtedato
14/07	Styret for Ål kraftverk	08.11.2007
119/07	Formannskapet	26.11.2007
99/07	Kommunestyret	20.12.2007

BUDSJETT ÅL KRAFTVERK KF 2008

Saka vert avgjort av:

Ål Kommunestyre

Vedlegg:

Driftsbudsjett, vedlegg 1

Investeringsbudsjett, vedlegg 2

Dokument i saka:

Saksframlegg med vedlegg

Saksopplysningar:

1. Bakgrunn og føresetnader

Ål Kraftverk KF har tradisjon for å legge forsiktige overslag til grunn i budsjettet på grunn av at budsjettet blir inntektsført i reknskapen til Ål kommune for budsjettåret. Inntektene blir derfor forskottert i kommunereknskapen. Dette set føringar for korleis Ål Kraftverk KF kan budsjettere, me må være forsiktige i våre overslag.

Føringa av budsjettet fylgjer malen for tidlegare år.

Det er lagt til grunn at spotprisen i gjennomsnitt for året vil bli 25 øre/kWh. (I revidert budsjett for 2007 var 21 øre/kWh brukt som overslag, opprinneleg 30 øre/kWh).

Salet til egne abonnentar, utanom kommunens eige forbruk, er lagt til grunn å skje også til 25 øre/kWh. Salet til kommunen sitt eige forbruk er sett til 13 øre/kWh

Når dette vert skrive, i starten av november, ligg prisen i terminmarknaden på om lag 40 øre/kWh for året 2008.

Driftsbudsjettet er lagt ved som vedlegg 1. Investeringsbudsjett som vedlegg 2.

Forhold til overordna plan:

Midlane har til no blitt brukt til utbyggingsfond og energitiltaksfond i kommunen.

Helse-/miljø og beredskapsomsyn:

Ingen

Økonomiske konsekvensar:

Sjå under

Vurdering:

2. VURDERINGAR OG DISKUSJON

2.1 INNTEKTER

På inntektssida er alt fysisk sal til spotmarknaden vurdert til 25 øre/kWh. Eigenproduksjonen i stasjonen i Ylifossen er skilt ut som eigen post (3091). På denne måten skal det være mogleg å sjå bidraget direkte frå kraftstasjonen.

På same vis er inntektene frå Lya skilt ut i eigen post (3092),

Det er lagt til grunn relativt høgt spotsal neste år, dette på grunn av den høge magasinstanden hausten 2007 i Hallingdal som vil virke inn på stor mengde andelskraft neste år.

Det er seldt 123 GWh finansielle avtaler for 2008 til ein gjennomsnittspris på 37.6 øre/kWh. Til frådrag frå dette kjem sikringskostnad mellom systempris og lokal områdepris. Dette er berre delvis utført. I budsjettet er det lagt inn ein kostnad på 0,2 øre/kWh. Når me legg ein gjennomsnittleg spotpris på 25 øre/kWh til grunn gjer dette eit overskot på finansiell handel på 16,9 mill. kroner (**post 3275**).

Det er lagt til grunn eit sal på 93 GWh til eigne abonnentar i 2008, dette er om lag det som var salet for 2006. Av dei 93 GWh er om lag 9 GWh sal til kommunen sine eigne bygg. Sal til kommunen sine eigne bygg er vurdert til 13 øre/kWh. Det er føresett ein pris på 25 øre/kWh på det resterande deltaljsalet. Fastavgifta på 250 kroner er ikkje tenkt endra, og er inkludert i prisane.

Til tross for den låge prisen gjeld som før for kommunen sitt forbruk, at marknadspris bør nyttast ved ENØK kalkyler internt i kommunen. For 2008 er marknadsprisen 41 øre/kWh i terminmarknaden når dette vert skrive. Ein pris på 35 øre/kWh bør brukast som kalkylepris ved interne enøk kalkyler i kommunen. All energi som kan sparast har ein slik verdi på den frie marknaden.

2.1.1 ENDRINGAR I INNTEKTER I HØVE TIL BUDSJETTET FOR 2007

Det er prisikra om lag like store mengder kraft i den finansielle kraftmarknaden som tidlegare. I høve til 2007 er det prissikra til om lag 5 øre/kWh høgare pris for 2008.

Dette gjer seg utslag i inntektene, og er hovedgrunnen til at inntektene er om lag 11 millionar kroner høgare for 2008 enn revidert budsjett for 2007. Men også inntekter frå Lya er med og gjer denne endringen.

2.2 KOSTNADER

Kostnadssida har i hovudsak fire hovudbolkar: Straumkjøp, direkte kraftverkskostnader, kjøp tjenester omsetning og andre driftskostnader. I tillegg kjem også kostnader med eigarandel i Lya (7øre/kWh). Dette er lagt inn som ein foreløpig sekkepost. Denne kan kome til å bli splitta opp seinare, men det får me ta når anlegget kjem i drift.

Straumkjøp går ein del opp for 2008 i høve til budsjettet for 2007. Dette skuldast i hovudsak at krafttrettane truleg blir noko dyrare på grunn av mykje arbeid med dammar i året som har gått, og truleg kjem til å gå ytterlegare opp i åra som kjem.

Direkte kraftverkskostnader har ein viss nedgang i høve til budsjettet for 2007. Dette skuldast at arbeidet med å rehabilitere aggregat 3 etter havariet no er avslutta.

Kjøp tjenester omsetning er også lagt inn med ein viss auke. Avtala er at desse tjenestene skal fylgje generell prisstigning, konsumprisindeks.

Andre driftskostnader viser mindre endringar.

3. FINANSIELLE DISPOSISJONAR OG RESULTAT

Renta er noko høgare enn tidlegare, dette gjer at finansinntektene frå driftskapitalen er auka noko. Renteinntekter frå avskrivingsfondet er fjerna, då dette fondet er brukt til å delvis betale investering i Lya kraftverk.

Rentekostnad på det ansvarlege lånet til Ål kommune er auka frå 600.000 til 870.000. Grunnen til auken på 270.000 kroner er at det blir foreslått at ein gjer om 4,5 mill av den direkte finansieringa frå kommunen når det gjeld Lya til ein auke i det ansvarlege lånet på 4,5 mill. kr. Det vil seie at det ansvarlege lånet aukar frå 10 til 14,5 mill. kr.

Tilsaman gjer dette at resultat viser eit overskot på 39,8 millionar kroner etter skatt. Alt tenkt overført til Ål kommune.

Fordeling mellom overføring til utbyggingsfond og energitiltaksfond i kommunen må være opp til kommunestyret å bestemme.

Eit slikt resultat vil være høgt. Det er 4,8 millionar kroner høgare enn overskotet for 2006, som er det høgaste hittil.

Det er framleis stor usikkerheit i inntektsoverslaga for åra etter 2008. Det er ikkje inngått prissikringsavtaler, og utfallsrommet for inntekter er derfor stort. Prisen på straum har lagt seg på eit noko høgare nivå enn før, men det er stor usikkerheit i kor marknaden vil gå. Dette gjeld både nedbør og usikkerheit i prisen på innsatsvarer i termiske verk (CO₂ –kostnad, kolpris, gasspris). Prisen på straum i Noreg på lang sikt blir i stor grad sett av utviklinga i pris på desse internasjonale varene.

Overskotet frå kraftrettar og kraftverk vil være avhengig av kraftprisen. Nedanfor er vist nokre utrekningar som viser resultat etter skatt avhengig av spotpris på kraft. Dette er vist i tabell 1.

Pris(Øre/kWh)	20	25	35	42
Resultat etter skatt (Mill. Kr)	36,5	39,8	43,3	44,9

Tabell 1. Truleg verknad av ulik årleg spotpris på overskot etter skatt for året 2008 for Ål Kraftverk KF.

Grunnen til at ein ikkje får nokon stor auke dersom kraftprisen skulle bli høgare enn 25 øre/kWh er at pristaket på 30 øre/kWh gjer at inntektene frå detaljsal til abonnentar i Ål ikkje aukar når prisen blir høgare enn 30 øre/kWh.

4. FORSLAG TIL VEDTAK I ÅL KRAFTVERK KF SITT STYRE

Dagleg leiar gjer denne innstillinga

Ål Kraftverk KF sitt styre innstiller at kommunestyret i Ål gjer fylgjande VEDTAK:

Ål Kommunestyre vedtek budsjett for 2008 for Ål Kraftverk KF som viser eit overskot etter skatt på 39.847.143 kroner. Av dette blir kroner 39.847.143 kroner overført vidare til Ål kommune.

Ål Kommune vedtek eit investeringsbudsjett på 2 mill. kr. Pengane går til vidare investeringar i Lya Kraftverk KF. Pengane tas frå aksjefondet til Ål Kraftverk KF.

Prisen på kraft til kommunens egne bygg vert sett til 13 øre/kWh.

Det ansvarlege lånet frå Ål kommune til Ål Kraftverk KF blir auka frå kroner 10.000.000 til kroner 14.500.000. Pengane kjem frå allereide overførte pengar til Ål Kraftverk KF frå Ål kommune i samband med utbygginga i Lya kraftverk.

Rådmannen si innstilling:

Ingen.

Styret for Ål kraftverk, 13.11.2007

Torleif T. Dalseide
Leiar

Geir Tretterud

Styret for Ål kraftverk handsama saka den 08.11.2007, saksnr. 14/07

Handsaming:

Driftsbudsjettet:

Styret hadde fylgjande einstemmige vedtak til endringar i høve til det som var lagt fram etter forslag frå Torleif Dalseide:

Post 6707, Refusjon til Ål Kommune for løn og styrehonorar: Endra frå 600 000 kroner til 530 000 kroner.

Post 8982, Avsetning til kapitalkonto. Endra frå 0 til 200 000 kroner. Grunngevinga er at svært mykje av den oppsparte kapitalen i Ål Kraftverk KF har vorte investert i Lya Kraftverk, og at selskapet har bruk for å byggje opp att kapital i tilfelle andre investeringar, eller reinvesteringar.

Forslag om utviding av ansvarleg lån blir skilt ut som eigen sak; sak 07-17: Auke av ansvarleg lån i Ål Kraftverk KF.

Desse endringane er innarbeidd i vedlagte budsjett.

Med desse endringane vart resultatet dette einstemmige vedtaket:

Ål Kraftverk KF sitt styre innstiller at kommunestyret i Ål gjer fylgjande vedtak:

1. Ål Kommunestyre vedtek driftsbudsjett for 2008 for Ål Kraftverk KF som viser eit overskot etter skatt på 39 890 000 kroner. Av dette blir kroner 39 690 000 overført vidare til Ål kommune.
2. Ål Kommunestyre vedtek eit investeringsbudsjett for Ål Kraftverk KF på 2 000 000 kroner. Pengane går til vidare investeringar i Lya Kraftverk. Pengane tas frå aksjefondet til Ål Kraftverk KF.
3. Prisen på kraft til kommunens egne bygg vert sett til 13 øre/kWh.

Samrøystes innstilling:

Ål Kraftverk KF sitt styre innstiller at kommunestyret i Ål gjer fylgjande vedtak:

1. Ål Kommunestyre vedtek driftsbudsjett for 2008 for Ål Kraftverk KF som viser eit overskot etter skatt på 39 890 000 kroner. Av dette blir kroner 39 690 000 overført vidare til Ål kommune.
2. Ål Kommunestyre vedtek eit investeringsbudsjett for Ål Kraftverk KF på 2 000 000 kroner. Pengane går til vidare investeringar i Lya Kraftverk. Pengane tas frå aksjefondet til Ål Kraftverk KF.
3. Prisen på kraft til kommunens egne bygg vert sett til 13 øre/kWh.

Formannskapet handsama saka den 26.11.2007, saksnr. 119/07

Handsaming:

Kraftverksstyret si innstilling vert samrøystes tilrådd.

Ål kommune

Saksutgreiing

Saksnr.: 100/07
Arkivsaksnr: 07/1586
Arkivkode: 145

Sakshandsamar: Trond Kleppen

Saksnummer	Utval	Møtedato
111/07	Formannskapet	31.10.2007
131/07	Formannskapet	03.12.2007
100/07	Kommunestyret	20.12.2007

ØKONOMIPLAN 2008-2011 MED ÅRSBUDSJETT 2008

Saka vert avgjort av:

Kommunestyret

Vedlegg:

Økonomiplan 2008 – 2011

Årsbudsjett 2008

Vedlegg budsjettforslag frå særbedrifter og spesialområder, inkl. Kyrkja.

Dokument i saka:

Underlagsmaterieil frå administrasjonen sitt arbeid.

Statsbudsjettet

Saksopplysningar:

Rådmannen syner til dei opplysningar som ligg i økonomiplandokumentet.

Forhold til overordna plan:

Kommuneplanen og sektorplanar er grunnlaget for økonomiplanen saman med overordna statlege mål kommunisert gjennom statsbudsjettet.

Helse-/miljø og beredskapsomsyn:

Ingen kjente, ut over dei konsekvensar i arbeidsmiljøet som følgjar av manglande rom for styrking i bemanninga.

Økonomiske konsekvensar:

Driftsbudsjettet for Ål kommune er noko gunstigare enn for mange andre kommunar. Små nedskjeringar i budsjettet for avdelingane, er relativt udramatisk. Ål kommune kan vidareføre noverande drift, utan tenestenedlegging eller inndraging av stillingar. Statlege satsingar som psykiatriprosjektet, barnehageutbygging, frukt / grønt i skulen og auka timetal for barnetrinnet skal vere på plass i Ål sitt driftsbudsjett. Nye vedtekne tiltak i.l.a. 2007, som til dømes nattlegevakt, barnevernsvakt, frisklivsprosjekt er lagt inn i driftsbudsjettet. Det er ikkje rom for nye tiltak eller

styrking av bemanninga utan ei høgding av inntektsnivå ut over det rådmannen har lagt inn. Dette gjeld òg for regjeringa si satsing på nye stillingar innan pleie og omsorg.

Forslag til driftsbudsjett skal ikkje ha økonomiske konsekvensar for kommunen på sikt, da budsjettet er lagt innfor inntektsgrunnlaget i 2008.

Investeringsbudsjettet er som vanleg offensivt, med ein samla investeringskostnad for perioden 2008 – 2011 på 160 mill kroner. Med låneopptak på 59 mill kroner, vil fondsbelastningen i perioden bli vel 100 mill kroner eller eit årleg gjennomsnitt på 25 mill kroner. Det er lagt inn ein føresetnad om styrking av utbyggingsfondet i heile perioden. Nye låneopptak er utanom startlånordninga, berre planlagt innan vatn / avløp, der slike lån skal dekkast over sjølvkostrekneskapen og avgiftene. Det vil difor ikkje ha vesentleg innverknad på kommunen sitt driftsbudsjett. Investeringsbudsjettet er òg lagt slik at det skal styrke kommunen sin økonomiske stilling, i staden for å svekke.

Vurdering:

Samanlikna med sær mange kommunar som no planlegg nedskjeringstiltak, er Ål kommune som kjem relativt gunstig ut i statsbudsjettet, i den stilling at me kan vidareføre drifta og innfri dei tiltak kommunestyret og regjeringa har vedtatt for 2008.

Inntektsanslaget er noko meir offensivt lagt enn tidlegare. Når det gjeld ytterlegare vurderingar, syner me til økonomiplandokumentet og saksframstillinga over her.

Det er formelt slik at det er formannskapet som legg fram innstilling til årsbudsjett og økonomiplan. Formannskapet sine endringar går fram av protokoll / handsaming og er lagt inn i Økonomiplandokumentet. Dei blir ikkje kommentert i rådmannen si saksframstilling.

Formannskapet si innstilling:

Ål kommunestyre vedtek formannskapet sitt framlegg til Økonomiplan 2008 – 2011 med årsbudsjett 2008. I tillegg til taldelen vedtek kommunestyret følgjande:

- 1 Med heimel i Lov om eigedomsskatt av 06.06.75 §10, vedtek kommunestyret å skrive ut eigedomsskatt for 2008-2011 for verker og bruk - etter ein sats på 7 %.
- 2 Rådmannen / Formannskapet får i samsvar med økonomireglement for Ål kommune jf. pkt 2.3.7 bokst D, fullmakt til å disponere inntil 500.000 kr som eit disposisjonsbeløp finansiert frå reservefond og budsjetterter under 1.4900.1010.1805 Reserverte midlar
- 3 Formannskapet får delegert fullmakt til å disponere frå 1.4700.1010.1805 Til formannskapet sin disposisjon for løyvingar inntil 80.000 kroner.
4. Rådmannen får fullmakt til å fordele / disponere felles utstyrspott innafor ei ramme på 2.000.000 kroner.
5. Følgjande investeringsprosjekt skal fram for kommunestyret som enkeltsak før igangsetting:
 - a. Nye barnehageavdelingar
 - b. Slutføring Myren, når anbod / endeleg kostnad for austre del er kjent.

I samband med investeringsprosjektet Bilar i Helse/ sosial ber kommunestyret om at bilane skal ha lågast mogleg CO₂-utslepp pr km. Dette skal tilleggast vekt ved val av bil.

6. Kommunen sine betalingsordningar, eigenbetaling, avgifter og gebyr blir auka tilsvarende kommunal deflator på 3,5 % med følgjande unntak:

- * Husleigesatsane skal justerast etter konsumprisindeks pr 15.desember.
- * Vassavgift, kloakkavgift, renovasjonsavgift og avgift for slamtømming blir fastsett etter sjølvkostprinsippet i egne saker.
- * Feieavgifter vert etter sjølvkost justert opp med 7,8 – 9,5 % (Jfr eigen sak).

7. Kommunestyret godkjennar følgjande låneopptak:

- frå Husbanken til vidareutlån (Startlånordninga) med inntil 1 mill kroner i 2008. Dette lånet har 18 års avdragstid der dei 3 første åra er avdragsfrie.
- Rehabilitering av vatn og avløp med 6 mill kroner i 2008.

8. Busetjing av flyktningar i planperioden kan skje innafor ei ramme på inntil 10 flyktningar pr.år (inkl. familiegjening).

9 Kommunestyret vedtek følgjande styrking i driftsbudsjettet / nye driftstiltak:

NR	Budsjettområde	Type tiltak	Form.sk forslag	Finansiering
1	Adm/felles	Råd for funk.hem	40 000	Redusert avsetn.mva fond
2	Adm og felles	Styrking servicetorg	150 000	Redusert avsetn.mva fond
3	Adm & Felles	Prosj "Utan ein tråd"	60 000	Dekt frå N-fond
4	Adm & Fellest	Overføre Kvite bussar til Oppvekst	- 70.000 70.000	Red. 1.47...1010.1805 Auke på ansvar 2037
5	Oppvekst	Sjukepleiar mottak	160 000	Redusert avsetn.mva fond
6	Oppvekst	Logoped	200 000	Auke eigid-skatt
7	Oppvekst	SLT-stilling(tilskot Hall)	65 000	Auke eigid-skatt
8	Helse/sosial	Stilling PLO	300 000	Redusert avsetn.mva fond
			70 000	Auke eigid-skatt
9	Helse og sosial	Lærling	200 000	Redusert avsetn.mva fond
10	Kultur	Tilskot frivillige lag	150 000	Redusert avsetn.mva fond
	Finansiert slik :			
	Redusert avsetning	mva-fond	1 000 000	
	Auka eigid-skatt		335 000	
	Bruk av næringsfond		60 000	
	Totalt		1395 000 kr	

10. Kommunestyret vurderer kommunen sin likviditet som tilfredsstillande for å dekkje løpande behov.

Rådmannen i Ål, 23.10.2007-12-16

Trond Kleppen
Rådmann**Formannskapet handsama saka den 31.10.2007, saksnr. 111/07****Handsaming:**

Formannskapet begynte arbeidet med årsbudsjett og økonomiplan med ei orientering av økonomisjef og rådmann. Budsjettarbeidet fortset med økonomiplankonferansen 12-13. nov og slutthandsaming den 3. des.

Vedtak:

Vedtak vert utsett til møtet 3. des 2007.

Formannskapet handsama saka den 03.12.2007, saksnr. 131/07

Handsaming:

A. Driftsbudsjettet:

Pkt 10: Formannskapet ynskjer ikkje å handsama dette no, men ber administrasjonen legge fram eigen sak om overføring av midlar på nyåret.

Pkt 9:

NR	Budsjettområde	Type tiltak	Form-sk løyving	Finansiering	Røysting
1	Adm/felles	Råd for funk.hem	40 000	Redusert avsetn.mva fond	Samrøystes
2	Adm og felles	Styrking servicetorg	150 000	Redusert avsetn.mva fond	Samrøystes
3	Adm & Felles	Prosj "Utan ein tråd"	60 000	Dekt frå N-fond	Tilrådd med 5 r 2 (H+Krf) i mot
4	Adm & Fellest	Overføre Kvite bussar til Oppvekst	- 70.000 70.000	Red. 1.1010.1805 Auke 1.2037.	Samrøystes
5	Oppvekst	Sjukepleiar mottak	160 000	Redusert avsetn.mva fond	Samrøystes
6	Oppvekst	Logoped	200 000	Auke eigid-skatt	Samrøystes
7	Oppvekst	SLT-stilling (tilskot Hall)	65 000	Auke eigid-skatt	Samrøystes
8	Helse/sosial	Stilling PLO	300 000 70 000	Redusert avsetn.mva fond Auke eigid-skatt	Samrøystes
9	Helse og sosial	Lærling	200 000	Redusert avsetn.mva fond	Samrøystes
10	Kultur	Tilskot frivillige lag	150 000	Redusert avsetn.mva fond	Samrøystes
	Dekning mva-fond	i sum	1 000 000		
	Dekning eigid-skatt	I sum	335 000		
	Bruk av næringsfond		60 000		
	Totalt		1395 000 kr		

B. Investeringsbudsjettet :

Utvendig vedlikehald Ål Kulturhus der 1 (A) røysta for at beløpet flyttast til Vedlikehald av kommunale bygg under Drift& vedlikehald.

Saksutgreiing

Saksnr.: 101/07
Arkivsaksnr: 07/1926
Arkivkode: 061

Sakshandsamar: Kirsten Sollien

Saksnummer	Utval	Møtedato
101/07	Kommunestyret	20.12.2007

MELDINGAR OG ORIENTERINGSSAKER TIL KOMMUNESTYRET 20.12.07

Saka vert avgjort av:
Kommunestyret

Vedlegg:

1. Møteprotokoll frå formannskapet 26.11.07
2. Møteprotokoll frå formannskapet 03.12.07
3. Møteprotokoll frå sektorutval for helse- og sosial 30.10.07
4. Møteprotokoll frå sektorutval for helse- og sosial 20.11.07
5. Møteprotokoll frå sektorutval for teknisk, næring og ressurs 20.11.07
6. Møteprotokoll frå regionrådet for Hallingdal 06.11.07
7. Møteprotokoll frå Hallingtinget 30.11.07
8. Viljeserklæring for det interkommunale samarbeidet i Hallingdal vedteke av Hallingtinget 30.11.07, sak 10/07

Rådmannen si innstilling:
Ingen.

Administrasjon- og fellestenester, 05.12.2007

Trond Kleppen
rådmann

